



ISFLAKET

Polarmagasin frå Ishavsmuseet. Nr. 4– 2019 21. årgang kr. 80,-

Leiar:

Sist helg var det julemesse på Ishavsmuseet, ei årvisse kunst og handverksmesse der 59 dyktige aktørar stiller ut og sel sine produkt av høg kvalitet gjennom to dagar på museet. Dette var tiande året Ishavsmuseet var arena for denne messa, som stadig vert større år for år. Over 2000 menneske var innom messa i løpet av to dagar.

-Kultur er dynamisk og må heile tida vere i utvikling. Ishavsmuseet har forstått dette og i tillegg til tradisjonell museumsdrift utvikla seg til å vere eit utstillingsvindauge for levande kultur, sa Hareid-ordførar Bernt Brandal då han opna den tiande julemessan. Brandal sa vidare: «Ishavsmuseet viser kva som har vore og formidlar samstundes levande kystkultur. Det er ein viktig møteplass i regionen og ein viktig kulturformidlar med foredrag om det som har vore, det som er, og det som kjem».

Å vere eit levande museum er viktig for oss på Ishavsmuseet. Vi ønskjer å legge til rette for ulike arrangement gjennom året nettopp for å vere ein møteplass som også formidlar historia.

I denne samanheng er polarkveldane med faglege foredrag og sosial samling med god mat i etterkant, viktige for oss. Viktig er også julemessan som samlar fram mot 60 utstillerar frå nær sagt heile landet som syner fram sine handverksprodukt. Dei er alle kulturberarar og syner fram ulike tradisjonsprodukt.

Til eksempel smeden frå Stranda, med fortid som selfangar på «Kitak», som stiller med eigeproduserte bakkelsjarn.

Når messa også samlar over 2000 besökande på ei helg syner dette at marknaden for tradisjonsprodukt er stor.

Ishavsmuseet skal vere ein kulturberar og formidlar.

Vi skal vere eit dokumentasjonssenter for norsk selfangst. Vi skal formidle denne historia til komande generasjoner, ei historie som så mange av dagens unge har eit forhold til gjennom bestefar eller oldefar som har vore aktive i vår tidlege polar- og sjøfartshistorie.

I statsbudsjett for 2020 har Ishavsmuseet blitt tildelt 1 million kroner for å løfte og styrke denne formidlinga til komande generasjoner. Dette skal vi gjere på fleire måtar, men viktig for oss er satsinga på born og unge.

Viktig for oss er også formidlinga gjennom Isflaket. Når du har fått dette bladet i hende er den 21. årgangen av bladet blitt historie. 84 utgåver av bladet med små og store artiklar frå norsk polarhistorie, i hovudsak fortalt av dei som var med.

Eg vonar at du også i denne utgåva vil finne interessante artiklar. Dette førjulsnummeret startar med ein godt gjennomarbeida artikkel frå Magnus Sefland som fortel om fiskebåten «Brattegg» som seinare vart ombygd til selfangstskute, og har vore med på fleire viktige hendingar i norsk polarhistorie.

Arne Odd Røbekk og Marit Karlsen Brandal har skrive historia om Peder Røbekk sitt virke på Grønland, i hovudsak basert på Peder sine eigne dagbøker i perioden 1927-1931.

Bjarne Harald Brobakk har lang fartstid på fleire av skutene, blant anna på «Polarbjørn» som han skriv om denne gong, frå ein tur til Newfoundland i 1964.

Ein annan med lang fartstid frå selfangst er Bjørne Kvernmo som i denne utgåva skriv om siste tur med «Havsel» til Vesterisen i 2017.

Til sist fortel Arthur Oxaas om ei julefeiring i fangsthytta på Kapp Wijk i 1940.

Med ønske om ei God Jul og Godt Nyttår til alle lesarane, velkommen attende til Ishavsmuseet i 2020.

Brandal 20. november 2019
Webjørn Landmark
Redaktør

Fangstmann Georg Bjørnnes fortel fra overvintring:



Det var ein gang æ kom tidlig ned te tromsø. Æ kom te byen akkurat te 17. mai. Det var dårlig ver, regn og sludd. Æ var veldig forkjølt. Æ tålt ikkje den norske luften. Men folk i Tromsø dem var fresk og ropte hurra og flagga på hver stang og sang søttendemai-sanga.

Æ kunne ikkje delta i de festlighetan. Æ hosta og harka og spøtta. Næsedroppan hang som istappa. Det var enda en søndag, og ingen lægekontor var åpen. Men så fekk æ hør at i ei veit dem kaller for Hælvetesveita, der bodde en sånn mirakeldokter. Og han hadde åpent om søndagan.

I min nød så går æ opp til han. Ja, der hadd han jo et heilt laboratorium, mystiske flaska og kar og kolba av alle mulige slag. Han ser på mæ ei stund. «Ja, æ ser ka som feiler dæ. Æ skal lage dæ en mikstur».

Så samla han i hop nokken glas og slo isammen nokken dråpa av kvert glas. «Drikk det herr a,» sa han, «så ska æ garanter a for at du er god før kvelden er kommen.» «Takk,» sa æ. «Ka kosta det?» «Ti krona». Ja, æ betalt.

Så går æ da sørover gata. Men æ var ikkje kommen lenger enn som te Stortorget, så kjem dokteren springandes etter mæ. «Gudskjelov at du ikkje er dau ennå, at æ nådd dæ i live. For du skjønner vel det, æ tok feil av medisinen. Æ slo blåsyre ut av et glass i dråpan. Men no ha æmotgjeft te dæ her. Ta disse dråpan, så berge du livet».

Æ så forbausa på han. «Æ kjenner ingenting ondt,» sa æ. «Men æ var klar over det var gode saker du ga mæ, for når æ naus, så gjekk det hol i vottan».

Innhald

Brategg	side 4
Frå arkivet, Johan Olsen	side 26
Peder Røbekk	side 30
Polarstar	side 46
Polarbjørn 1964	side 49
Polarkveld om «Maud»	side 58
Havsel 2017	side 60
Vegar kryssa Grønland	side 72
Den hyggligste jul	side 73

ISFLAKET

Polarmagasin utgitt av Ishavsmuseet og Ishavsmuseets Venner.

Adresse: Ishavsmuseet, Brandalsvegen 28, 6062 Brandal

Tlf. kontor 700 92 900, mob 95 11 76 44

Redaksjon: Webjørn Landmark, redaktør webjorn@ishavsmuseet.no

Opplag 800. Årskontingent / abonnement kr. 300,- fritt tilsendt. Bedrifter kr. 750,-

www.ishavsmuseet.no

www.ishavsvenner.net

[www.facebook.no/»Aarvak»](http://www.facebook.no/)

Forsidefoto: «Polarbjørn» i sydisen. Foto Magnar Aklestad

ISSN 1891-9480

BRATEGG: skuta som seinare også heitte *JOPETER*, *POLARBJØRN*, *LADY JOHNSON II*, *BEOTHIC ENDEAVOUR* og *ARCTIC TRADER*.


Av Magnus Sefland

Artikkelen er ei omarbeidd utgåve av ein artikkel som vart publisert i tidsskriftet Polar record i Cambridge i 2018 i Nicholas Tyler si engelske språkdrakt.

KVALFANGST OG FISKERI VED VEST-GRØNLAND:

Farvatna ved Vest-Grønland var tidleg på 1920-talet stengde for framande fartøy, etter som det vart sagt på dansk hald, for å verne inuittane mot framand påverknad. Danskane oppførte seg heller strikst overfor framande fartøy som kom inn om sjøgrensene, også når det gjaldt fylling av vatn og gjennomføring av reparasjonar.


I 1923 var ishavsskuta *Veslekari* - den gong heimehøyrande i Kristiania – på kvalfangst ved Vest-Grønland, med Johan Olsen senior fra Ålesund som skipper. Under kvalfangsten oppdaga Olsen store mengder av torsk og kveite.



Fleksing av kval. "Veslekari" på kvalfangst ved Vest-Grønland 1920. Foto frå Anton Sulebakk.

Heimkommen etter grønlandsturen informerte Olsen fleire fiskerirelaterte fora, blant andre Aalesunds Skipperforening, om kva han hadde observert. Allereie året etter, i 1924, sende fiskebåtetreiar Elias Blindheim i Ålesund skuta *Faustina*, med sonen Peder Blindheim som skipper, til farvatna ved Vest-Grønland – og *Faustina* fiska godt. Same året sende forretningmannen Engvald Baldersheim frå bergenskanten skutene *Ameta* og *Stormfuglen* til feltet.

I 1925 var eit førtital båtar på feltet, med samla mannskap på nesten tusen mann. Blant desse var *Polarbjørn* (1919), med Johan Olsen som skipper. (I 1925 var *Polarbjørn* i eige hos Einar Amundsen – 'Kafe-Amundsen' - og Johan Olsen i Ålesund).



"Polarbjørn" her på selfangst i Kvitsjøen, mest truleg i 1926. Foto frå Peder Åkre.

Gjennom nokre få år kom fleire skuter med sunnmørstilknyting inn om grensene og kom fort i klammeri med danskane: *Veslekari* (Johan Olsen), *Faustina* (Peder Blindheim) og *Hvalbarden* av Tjørvåg (skipper Paul Lillenes).

Fiskeekspedisjonar, med britisk kapital i ryggen, kom fort inn i fisket. Fisket gjekk føre seg frå eit tal motordrivne doryar knytte til moderskip med frysekapasitet. Fordi danske



Skipper Paul Lillenes, 1877-1950. Foto frå Pål Lillenes.

styremakter hadde stengd den vest-grønlandske kysten for framande fartøy, måtte fiskeeekspedisjonane ha med seg alt dei trong, og då trong dei store fartøy med stor aksjonsradius. Engvald Baldersheim var involvert i utrusting av fiskeriekspedisjonane, saman med blant andre Hellyer Bros. Ltd i Hull.

Dei mest kjende moderskipa var *Helder*, *Thorland*, *Korsvik*, *Arctic Queen*, *Lesseps* og fleire. Det var snakk om moderskip på fleire tusen tonn og samla mannskap på fleire hundre mann. Johan Olsen var sjølv kaptein på *Helder* ei tid.

Frå 1926 fekk færøyiske fiskarar nytte Færingshavn nokre mil sør for Godthåb som base. (Ei nærliggande forklaring på namnet Færingshavn). I 1937 vart basen opna også for andre nasjonar. Færingshavn vart etter kvart utbygd til base for utanlandske fiskefartøy, også

norske. Det innebar også slutten på fiske med moderskip.

Det var rike forekomstar av torsk og kveite – og stor fiskekapasitet. Men det var internasjonal økonomisk krise og prisane var låge.

BYGGING OG LEVERING 1932:

Første del av 1930-talet var den økonomiske krisa på det verste, målt i tal på arbeidslause, både i Norge og internasjonalt. På denne tid var det likevel nokre fiskebåtreiarar på Sunnmøre som tinga store havfiskebåtar. Peter Brevigs Havfiskekselskap i Ålesund fekk bygde Eldøy og Eldborg for grønlandsfiske. Peter Skarbøvig i Ålesund fekk bygde *Brategg* og *Nyegg*.

Brategg og *Nyegg* vart bygde ved Trondhjems mekaniske Verksted i Trondheim, begge leverte i 1932. Dei var havfiskefartøy med fryseri i lasteromma. Dei to fartøya var tilnærma like: Klinka stålskrog i kryssarfasjon, 165 fot lange, 480 brutto registertonn og Atlas dieselmotorar på 500 hk. Tingar av begge fartøya var foretaket AS Storegga, med kontoradresse i Son ved Oslofjorden.

Bak foretaket stod forretningsmennene Willi Gørriksen, Ris i Vestre Aker (Oslo) og Peter Skarbøvig, Ålesund.


Det gjekk seint med aksjeteikning i AS Storegga. Motorprodusenten Atlas Diesel i Stockholm skal visstnok ha teikna seg for $\frac{1}{4}$ av aksjane.

Det følgjande gjeld i hovudsak det eine av fartøya: *Brategg*.

Fartøyet fekk fiskeriregistrering i Ålesund: M 299 A og kjenningssignalet LCOE.

1930 –TALET:

Brategg – og *Nyegg* – kom i aktivt fiske på ei tid med jamnt dårlige prisar. Fisket var ei form for stordrift, ikkje heilt ulikt moderskipa, sjølv om *Brategg* hadde med berre fire doryar. *Brategg* fiska bra i farvatna ved Island og Vest-Grønland. Allereie i 1932 var *Brategg* på fiske



"*Brategg*" til kai i Ålesund mellom 1932-1936.

ved Vest-Grønland og gjekk deretter direkte til England og leverte full last med kveite. Men økonomien var ikkje god, på grunn av dårlige prisar. Pessimistane på vegne av båtprosjektet såg ut til i nokon grad å få rett.

På ein tur i 1933 skjedde ein eksplosjon i ein donkeykjel i maskinrommet. Ein mann vart alvorleg skadd. Mannen vart brakt til sjukehus i Vestmannaeyjar, der han etter ei tid døydde av skadane.

Brategg fiska nokre gonger bra, men hadde også eit par uheldige kveiteturar til Vest-Grønland. Som alternativ vart *Brategg* i 1934 bortleigd eit års tid til den norske marine som kystvaktfartøy.

Hausten 1935 kom AS Storegga i økonomiske vanskar, og både *Brategg* og *Nyegg* vart selde på tvangsausksjon. Begge fartøya vart overtatt av AS Den Nordenfjeldske Kreditbank og Trondhjems Sparebank, begge i Trondheim.

Fartøya vart selde vidare til AS Havfiske i Trondheim, disponert av Kaare Bagøien.

Bagøien tok initiativet til å få dei to fartøya til Trondheim. Trondheim kommune og dei to trondheimsbaserte bankane meinte å sjå kva dei to store fiskefartøya kunne få å seie for byen.

AS Havfiske hadde desse interessentane: AS Den Nordenfjeldske Kreditbank, Trondhjems Sparebank, Trondheim kommune og disponent Kaare Bagøien.

Etter denne omstruktureringa fekk *Brategg* fiskerimerket ST 12 T (Trondheim).

I dei følgjande åra var både *Brategg* og *Nyegg* på torskefisk ved Vest-Grønland og Island. I 1937 kom dei frå Vest-Grønland med ca 350 tonn salt torsk og ein del kveite på kvar av båtane. Lasten vart lossa i Kristiansund og Ålesund.

NEWFOUNDLANDSFORLISA 1939:

I februar 1939 var åtte norske skuter på veg til selfangst på feltet ved Newfoundland, tre frå Sunnmøre og fem frå Nord-Norge. Sør-vest av Island kom skutene ut i orkan. Tre av dei nordnorske skutene gjekk ned i uveret, *Nyken*

med heile mannskapet på 18 mann. Mannskapet frå *Saltdalingen* vart berga av sunnmørsskutene *Polarbjørn* og *Polaris*. Mannskapet frå *Isfjell* vart berga av den svenske amerikabåten *Drottningholm*. To av dei nordnorske skutene, *Quest* og *Selis*, gjekk nord om Island. På grunn av svikt i radiosambandet var dei ei tid melde sakna. I dei kritiske døgna var radiotrafikken viktig. På den norske vervarslingsstasjonen Torgilsbu nær Kapp Farvel på Grønland sat styrar Ragnar Eggesvik ved radioen.



Styrar Ragnar Eggesvik hadde fleire overvintringar på Nordaust-Grønland, og følgde radiotrafikken nøye under dramaet I Nord-Atlanteren. Ein månad etter dramaet var han jordmor og tok i mot vesle Aase Mari i fangsthytta Torgilsbu. Biletet syner mannskapet på Torgilsbu vinteren 1939/40. Frå v. Telegrafist Harald Hoff, Hansine Eggesvik med Aase Marie på armen og styrar Ragnar Eggesvik. Bildet teke sommaren 1940. (Foto: Aase Marie Folkvord).

Brategg var på den tid på torskefiske ved Island, med Gotfred Hellevik som skipper. *Brategg* formidla radiotrafikk til og frå Ålesund. Først vart *Brategg* send på sok etter *Quest* og *Selis*. Då dei to skutene kunne gi lyd frå seg og melde at

alt stod vel til, vart *Brategg* dirigert på leiting etter *Nyken*, som imidlertid var gått tapt.


ANDRE VERDSKRIG:

I krigstida vart *Brategg* i hovudsak brukt i fraktfart. Skuta var stasjonert ein del i Svolvær. Ho vart brukt til å samle inn fisk frå Lofoten, Troms og Vest-Finnmark. Fiskelasten vart transportert til Narvik og levert på jarnbane til Sverige, kanskje for transport vidare til Tyskland. Innimellan gjekk *Brategg* langs norskekysten og til Hirtshals og leverte fiskelaster. Skuta gjekk også fleire gonger gjennom danske farvatn, Øresund og Store-Bælt, og gjennom Kielerkanalen til Hamburg i same ærend.

På retur nordover hadde *Brategg* gjerne med trelast og mjøl og andre matvarer. Trelast, til dømes kassematerial, vart gjerne henta i Steinkjer og Follaoss i Inntrøndelag og frakta nordover. Ein gong hadde *Brategg* henta trelast i Skien og var på veg nordover då skuta vart freista bomba av allierte fly i traktene ved Florø, utan å få særleg skade frå angrepet. Ein mindre alvorleg episode hende på hamna i Bodø. Der låg frakteskuta *Gurskøy* (ex ishavsskuta *Leidolf* av Tjørvåg) ved kai rett bak *Brategg*. Det rauk opp til uver, og i sjøgangen påførte *Gurskøy* *Brategg* ein skade på skansekledninga.

Brategg og *Nyegg* gjekk ofte i same farten. I 1941 var begge fartøya på veg nordover, lasta med salt frå Hamburg til Svolvær. På Kvassheimgrunna ved Jæren gjekk *Nyegg* på grunn og totalforliste. Styremaskinfeil vart oppgitt som årsak til forliset. (Ei alternativ forklaring var at fartøya kappkøyrd, og at *Nyegg* kutta ein sving for å vinne tid).

Brategg sine seglingar, som annan skipsfart under krigen, var prega av restriksjonar som krigssituasjonen kravde: minefelt, konvoiar, sløkte fyr, ankring og venting, seglingsbøyer, losar: sjølosar og i Tyskland kanallosar osv.



"Brategg" 1932. Foto Schrøder frå Sverresborg
Trøndelag Folkemuseum

Om lag på den tid vart *Brategg* litt ombygd. Tonnasjen vart auka litt, og det var kanskje ved denne ombygginga skuta vart utstyrt med toppbru og dermed styrehus på to dekksnivå.

Kapteinar på *Brategg* under krigen: Ein kjenner ikkje identiteten til alle, men kjenner desse namna: M. Berg, H. Kaald og Nordahl Pedersen. Frå loggbøkene får ein også eit inntrykk av at dei stod heller kortare bolkar om bord.

BRATEGG-EKSPEDISJONEN TIL ANTARKTIS 1947 – 1948:

Brategg segla hausten 1947 frå Sandefjord til stillehavssektoren av Antarktis via Montevideo, Magellanstretet og Punta Arenas. Formålet med ekspedisjonen var å finne nye felt for kvalfangst, og i tillegg skulle det utførast havforskning. Ekspedisjonen vart utrusta av De Norske Hvalfangstselskapers Forbund i samarbeid med havforskingskomiteen i Det Norske Geografiske Selskap.

Brategg vart oppussa og klargjort for Antarktis-turen ved Liaaen i Ålesund. Tak og glasruter vart fjerna på øvre bru, for at skipsbefal og observatørar skulle ha mest mogleg fri sikt horisonten rundt. Det vart bygd ei hytte til forskarane rundt aktermasta på galgedekk. Hovudmotoren vart grundig overhala. Det som kneip mest med omsyn til klargjering, var nye sylinderforingar frå Atlas-fabrikken i Stockholm. Sylinderforingane kom med ekstrafly frå Stockholm til Ålesund.

Vitenskapeleg leiar på ekspedisjonen var zoolog og konservator Holger Holgersen. Skipper på *Brategg* var Nils Larsen frå Sandefjord. Han var med som navigatør på alle dei fire ekspedisjonane til Antarktis med ishavsskuta *Norvegia* i åra 1927 – 1931, på første ekspedisjon som styrmann, på dei tre andre som kaptein. I desse posisjonane var han med på annektering av Bouvetøya og Peter I Øy som norske biland. Seinare var han kaptein på kvalkokeri.

På veg sørover vart *Brategg* rigga med utvikstønne i frammosta og fekk det ishavs-



Skipper Nils Larsen på Peter I Øy 2. februar 1929

skutepreget som skuta hadde i mange år seinare. Men *Brategg* var ikkje på det tidspunkt isforsterka. Disponent Kaare Bagøien i AS Havfiske hadde fått med i kontrakten at skuta ikkje skulle forsera is ved bauging. Like eins hadde han fått med i kontrakten at det ikkje måtte forekome oljesøl på garneringa i lasterommet som i framtida ville gjere skuta ueigna til transport av matvarer.

På turen sørover prøvde dei ut dei ulike instrumenta dei hadde med. Ekkoloddet var montert i ein brønn i skutebotnen. Ekkoloddet fungerte heller dårlig under deler av ekspedisjonen. Det hadde nok sitt å seie for dei innsamla resultata fra ekspedisjonen.

Frå Montevideo gjekk *Brategg* først ut over Atlanterhavet i søraustleg retning for å prøve ut ekkoloddet på ulike havdjupner. Telegrafist Brede Oluf Nylænder fekk mykje ekstraarbeid med å prøve å rette på feila.

Deretter gjekk *Brategg* gjennom Magellanstretet og gjorde eit stopp i Punta

Arenas. Etter å ha forlate Punta Arenas fekk dei eit anna problem: Ved lekkasje frå ein oljetank hadde olje kome over i ein ferskvasstank. Alle måtte under heile turen leve med streng rasjonering av ferskvatt.

Dampstyringa vart utkobla. Ferskvatt vart brukt berre til matlaging. Alle unntatt byssefolka måtte vaske kleda sine i sjøvatn. Men dei hadde elles rikeleg av proviant og dugande folk i byssa. Det vart sagt at ein av styrmennene måtte slakke livreima fleire hakk under ekspedisjonen. Eit anna trivselsmoment var skipshunden Mona, kjæledegge for alle på ekspedisjonen.

Frå Magellanstretet segla *Brategg* rett vest til meridianen 90 grader vest. Der svinga dei rett sørover, nesten til Peter I Øy. Derifrå segla skuta i sikksakk vestover i eit belte mellom ca 62 og 66 grader sør.

Meininga med dette var å krysse den antarktiske konvergens: skiljet mellom varmare og kaldare vatn. Seglinga heldt fram til vendepunktet ved posisjon ca 174 W, ca 66 S. Dette var om lag ved den sørlege polarsirkel nord for Rosshavet og søraust for New Zealand. På tilbaketuren følgde skuta nokre utvalde meridianar frå 54 S til 70 S. Stadig for å finne ut kvar den antarktiske konvergens var.

På turen tilbake gjorde skuta også eit stopp med landstiging på Peter I Øy. Dette var den andre norske landstiging på øya - den første norske landstiginga var under *Norvegia-ekspedisjonen* i 1929 – då øya vart annektert som norsk biland. Ved landstiginga i 1948 vart det norske flagg heist og ‘Ja, vi elsker’ sungen.

Ein av vitskapsmennene om bord, Lars Midttun, skar ut eit poststempel for Peter I Øy. Ved ei steinblokk på stranda vart det oppretta eit provisorisk postkontor, og der vart det stempla og frankert ei rekkje brev. Alt for å markere norsk herredømme over øya.

Men besøket var kortvarig, for *Brategg* heldt på å bli innestengd av drivis.

Med poststempel frå Peter Is øy



Arthur Slenes var stuert på "Brategg" i 1947/48 og sikra seg to konvoluttar stempla på Peter I øy. Her utstilt på frimerkets dag i Ørsta 1991. Faksimile frå Møre Nytt 12. Oktober 1991.

BRATEGG-BANKEN OG DECEPTION ISLAND:

Brategg heldt fram austover til Deception Island ved den antarktiske halvøy. Underveis loddar Brategg havdjupnene og registrerte djupner ned til nesten 3000 meter. Nordvest for den antarktiske halvøy endra djupnene seg markert. Det vart registrert djupner på ca 300 - 400 meter. Altså eit undersjøisk platå, ein banke. Banken har seinare fått namnet Brateggbanken.

Deception Island er ein stor undersjøisk vulkan, der kraterkanten stikk passeleg høgt over havflata. Eit skar i kraterkanten dannar ein høveleg passasje for innsegling – inn i krateret. Inne i bukta (vulkankrateret) er det ei romsleg hamn. Vulkanisme ligg like under jordoverflata. Sjøvatnet i strandkanten held badetemperatur, oppvarma i den vulkanske undergrunnen.

Inne i bukta hadde Norge ein kvalstasjon fram til ca 1930. Inst i bukta hadde Argentina ein marinebase og forskingsstasjon, sjølv om øya var (og er) britisk område. Brategg skulle i 1948 inspirere tilstanden til den nedlagde kvalstasjonen. (Seinare har eit vulkanutbrot øydelagd deler av kvalstasjonen).

I tillegg skulle Brategg reorganisere lasterommet og pumpe brennolje fra fat i lasterommet til brukstankane, alt medan skuta låg i ei roleg hamn.

BRITISK-ARGENTINSK KONFRONTASJON:

Medan Brategg låg ved den nedlagde kvalstasjonen og mannskapet var i gang med skipsarbeid som planlagt, kom ein argentinsk marineoffiser om bord i Brategg frå den argentinske minesveiparen Parker og ba om å få sjå Brategg sine skipspapir, som han fann å vere i orden.

Argentinaren skreiv i tillegg følgjande i loggboka på spansk, her i omsetjing til engelsk:

'26th February 1948, 17.30 hrs, in the Bay of Whales at Deception Island, South Shetland, I boarded the Norwegian merchant vessel Brategg LCOE on the orders of Commander Guillermo Jose Zarrabeitia of the minesweeper Parker. I have inspected the ship's papers concerning the vessel, her cargo and her voyage. I have found them to be in order and have therefore given the captain permission to remain at anchor in the Bay of Whales.'

Carlos R. Uhalde, Lieutenant'.

Teksten var forsynt med Parker sitt stempel og Uhalde si underskrift. Dette vart gjort utan at dei ansvarlege om bord i Brategg var merksame og kunne gripe inn.

Før Uhalde forlet Brategg gav han ordre om at ved framtidige besøk på øya skulle Brategg gå

direkte til den argentinske stasjonen inst i bukta og be om løyve til å ankre på Deception Island. Tre dagar seinare kom den britiske hamnekaptein om bord i *Brategg* og sa frå om at nordmennene ikkje trøng bry seg om det argentinaren hadde skrive eller sagt. Dagen etter kom hamnekaptein om bord igjen og ba om å få sjå loggboka. Han kryssa ut det Uhalde hadde skrive i loggboka og føya til det følgjande – naturleg nok på engelsk:

'This is to certify that the above entry made by an Argentine officer is illegal, these being British territorial waters, and is not (uleseleg) by the Captain or by the Harbourmaster and Magistrate of Deception Island.'

Adrian G. Scadding, Harbourmaster & Magistrate'.

Eit britisk marinefartøy dukka opp og ein britisk offiser kom om bord i *Brategg* for å inspisere skipspapira. Skipsbefalet på *Brategg* vart invitert til ei mottaking om bord i det britiske fartøyet.

For *Brategg* sitt vedkomande enda den argentinsk-britiske konfrontasjonen på Deception Island i selskapeleg hyggje. Men hendinga viste likevel tydeleg kva motsetningar det var mellom Argentina og Storbritannia om herredømme over øyar i Antarktis og det sørlege Atlanterhavet. I april 1982 slo motsetningane ut i full krig om råderetten over Falklandsøyane og Sør-Georgia – med fleire hundre omkomne på begge sider.

AVSLUTNING OG HEIMREISE:

I Montevideo bunkra og provianterte *Brategg* for heimreisa. Frå Deception til Montevideo hadde *Brategg* med to norske sjømann som passasjerar. Den lange seglinga frå Montevideo til Sandefjord gjekk stort sett greit. Men messegutten var ute for eit uhell. Han skulle bere mat frå byssa akter til messa under bakken. På veg ned leideren under bakken miste han festet

og fall ned. Han skadde seg såpass at han var arbeidsufør resten av turen.

Vel tilbake i Sandefjord i april 1948 hadde *Brategg* tilbakelagt 27 000 nautiske mil, medrekna 11 000 sør for 50 grader sør. Skipshunden Mona hadde tatt plass på øvre bru då *Brategg* seig inn til kai i Sandefjord.

Ekspedisjonen hadde gjort meteorologiske og oseanografiske observasjonar heile tida og telegrafert observasjonane til Buenos Aires, Falklandsøyane, Montevideo, Oslo og Wellington, avhengig av kvar *Brategg* var.

Tilbake i Sandefjord trøng *Brategg* oppussing etter rundt eit halvt år i sjøen. Det vart gjort ved Framnes mekaniske verksted i Sandefjord. Då vart toppbrua bygd tilbake til tidlegare fasong, med tak og glas.

FORSKINGSRESULTAT FRÅ BRATEGG-EKSPEDISJONEN:

Brategg-ekspedisjonen registrerte undervegs mykje godt alt som kunne registerast: havdjupner, vasstemperatur, saltinnhald, lufttrykk, lufttemperatur, vindretningar og vindstyrke, tal, storleik og posisjonar på isfjell osv. Og ikkje minst kval av ulik art og storleik. Der dei kom til, skaut dei merkepiler i kvalane og registrerte posisjonar og tidspunkt. Når kvalane seinare vart fanga og avliva, vart merkpilene samla inn og posisjonar og tidspunkt registrerte. I etterkant kunne forskarane utarbeide trekkruuter, avstandar og tid.

Mange universitet og forskingsinstitusjonar hadde meldt interesse for det registrerte og innsamla materialet for vidare bearbeiding og forsking. Oversikt over namn og adresser til desse institusjonane utgjorde åleine eit hefte på 25 sider.

Alle resultat frå ekspedisjonen tilhørde De Norske Hvalfangstselskapers Forbund. Dei

viktigaste resultata av ekspedisjonen kan kanskje oppsummerast slik:

Viktigaste resultat frå ekspedisjonen var truleg at kvalteljingane ikkje gav haldepunkt for nye større kvalforekomstar.

Professor i oseanografi ved universitetet i Bergen, Arne Foldvik har vurdert resultata frå *Brategg*-ekspedisjonen slik:

'--- Når det gjelder det vitenskapelige utbyttet av den oseanografiske delen av ekspedisjonen, så ble det vel ikke gjort oppsiktivekkende funn. Men ekspedisjonen fikk klarlagt viktige trekk ved den antarktiske konvergens (polarfronten) som kan bevege seg betydelig i nord-syd retning. Og de data som ble samlet inn gjorde at en fikk dannet et bedre billede av temperatur- og sirkulasjonsforholdene i området. (---) Publikasjon nr 20 av Midttun og Natvig (---) er en omhyggelig bearbeidelse av observasjonene fra ekspedisjonen. Problemet med ekkoloddet (--) virker også inn på datakvaliteten. Det blir lett betydelige unøyaktigheter i observasjonsdyp. ---'.

Kaptein Nils Larsen på *Brategg* meinte at på Peter I Øy var det mindre is og snø i 1948 enn det var på same årstid i 1929, då *Norvegia*-ekspedisjonen annektert Peter I Øy som norsk biland.

Nokre av publikasjonane frå *Brategg*-ekspedisjonen:

Publikasjon nr 17 (1956): Håkon Mosby: The Norwegian Antarctic Expedition in the *Brategg* 1947-1948; Nils Larsen: The Narrative of the Expedition.

Publikasjon nr 18 (1951): Orvar Nybelin: Subantarctic and Antarctic Fishes.

Publikasjon nr 20 (1957): Lars Midttun og Johan Natvig: Pacific Antarctic Waters.

Publikasjon nr 21 (1957): Holger Holgersen: Ornithology of the 'Brategg' Expedition.

Publikasjon nr 26: (1965): T. Soot-Ryen: Pelecypoda; F. Jensenius Madsen: Asteroidea; D. E. Hurley: Isopod Crustacea of the Family Serolidae; H. Broch: Some Octocorals from Antarctic Waters.

(Publikasjonar hos Sandefjord bibliotek).

JOPETER 1950-1958:

Etter at *Brategg* var levert tilbake frå Norske Hvalfangstselskapers Forbund til eigaren AS Havfiske i Trondheim, gjekk skuta inn i frysefart igjen, blant anna i Middelhavet. Eitt av oppdraga var transport av kjøt frå Genova til Haifa og Tel Aviv i Israel. *Brategg* gjorde fleire turar med frose kjøt. Skuta passerte Monte Cristo, vulkanøya Stromboli og Messinastretet undervegs. Deretter frakta skuta frukt frå Sfax i Tunisia til London.

I januar 1949 hadde *Brategg* eit verkstadopphold ved Liaaen i Ålesund. Under opphaldet vart *Brategg* forhalt og lagt ved sida av den nybygde ishavsskuta *Polarfart* – seinare betre kjend under det meir passande namnet *Polarstar*. Eit år seinare tilhøyrde begge fartøya det same familiereiarlaget i Brandal. *Polarstar* vart bygd i Glasgow, men vart segla til Ålesund for den siste klargjering ved Liaaen. Der vart det blant anna gjennomført krengeprøver.



"Jopeter" og "Polarbjørn" (II) på Newfoundland først på 1950-talet. Foto frå Kjell Yksnøy.



"*Jopeter*" i fart på Aust-Grønland.

I november 1949 vart det gjennomført utpanting hos AS Havfiske i Trondheim. *Brategg* vart sold til Peter S. Brandal & Co AS i Brandal, med Martin Karlsen senior som disponent. Fartøyet fekk namnet *Jopeter* og fiskeriregistreringa M 31 HD og heldt fram med kjenningssignalet LCOE.

Jopeter var truleg tenkt til ein kombinasjon av selfangst og frysefart. Fleire foretak i Brandal var på den tid, rundt 1950, i ferd med å skaffe fartøy for slik kombinasjonsdrift. *Polarstar* vart overlevert som ny på nyåret i 1949. *Polaris* var rundt 1950 under bygging ved Liaaen i Ålesund.

Jopeter var opphavleg ikkje bygd for isnavigasjon og trong ei forsterking av skroget med mange spant for å kunne ta seg fram i is. Dette vart utført ved eit verft i Amsterdam.

På newfoundlandsturen i 1950 hadde *Jopeter* eit mannskap på 33 personar. Under gange i isen fekk skuta ein lekkasje. På heimturen kom det vatn inn i lasterommet, så mykje at skuta fekk

slagside. Ein del skinn måtte kastast over bord for å rette opp skuta.

Sjølv om *Jopeter* kunne segle i frysefart, vart fart på Aust-Grønland for danske styresmakter vanleg sommaraktivitet – med København som nokså fast utgangspunkt. På forsyningstur til Aust-Grønland sommaren 1950 fekk *Jopeter* skadd propellen, men ikkje meir enn at skuta kom seg heim med redusert fart.

Kort tid seinare fekk *Jopeter* skift skrogplater og innebygd akterrunding ved ein verkstad i Langesund.

I 1953 miste *Jopeter* propellen i isen på newfoundlandsfeltet. Skuta vart slept til Sydney, Nova Scotia, av *Polarstar*.

Skipper første året etter eigarskifte var Bernt Marø. Deretter overtok Knut Nakken. Allereie under dei første fangstturane til Newfoundland vart det klart at skroget trong endå meir forsterking for å tote hard bausing.



Knut Nakken, her frå ei overvintring på Nordaust-Grønland i 1933, var lenge skipper på "Jopeter".

Det same gjaldt maskinkrafta. I 1952 vart Atlas-motoren på 500 hk bytt ut med ein Nohab på 1080 hk. (Atlas-motoren vart i 1959 sett inn i havfiskebåten *Vesleper M 24 VD*, tidlegare kvalbåt. Denne kantra og sokk under loddefiske på Nordkappbanken i 1971).

Første tida etter eigarskiftet hadde *Jopeter* framleis overbygg med styrehus på to dekksnivå. På eitt eller anna tidspunkt tidleg på 1950-talet vart det opphavlege styrehuset på nivå med galgedekket ombygd, slik at toppbrua vart skuta sitt einaste styrehus. På galgedekksnivå fekk skuta fekk meir lugarplass. Nøyaktig kvar og når dette vart gjort, er ukjent.

Sommaren 1955 var *Jopeter* på forsyningsoppdrag til Danmarkshavn langt nord på Aust-Grønland, med Knut Nakken som

skipper. Under opphaldet i Danmarkshavn vart *Jopeter* innestengd av drivis. Skuta prøvde å kome seg ut av isen både på aust- og vestsida av den langstrakte Store Koldewey. Skipper Nakken, med grønlandsovervintring bak seg, gjekk på land og til fjells på Store Koldewey for å få betre oversikt og speide etter ope vatn. Under manøvrering i isen hogg propellen i ein isfot, og propellakslingen brotna akkurat i hylsa. Propellen vart liggande på isfoten. Mannskapet prøvde å slå ein wire om propellen og berge han opp på isen. Det mislukkast, og propellen forsvann i djupet.

Etter at propellen var borte, fekk maskinfolka mindre å gjere. Maskinsjef Åsmund Tangen tappa ned kjølevatnet på motorane, meir eller mindre som tidsfordriv. Det skulle seinare vise seg å vere eit viktig trekk.

Jopeter dreiv med straumen sørover langs kysten av Aust-Grønland. På eitt tidspunkt vart skuta så hardt utsett for isskruing at skuta fekk sterke slag i babord, og det oppstod lekkasje. Livbåten på babord side vart utsvinga og låra nesten til isen for å vere klar til bruk. Utstyr til bruk etter ei eventuell evakuering vart bore ut på isen. Fly frå Keflavik var også over og sleppte ned materiell til bruk etter ei eventuell evakuering.



Låring av bb livbåt og alle mann går på isen 8. september 1955 kl. 23.45. Foto Åsmund Tangen.

Den norske ishavsskuta *Tottan* (seinare namn *Kvitfjell*) låg utanfor iskanten. Eit amerikansk helikopter kom til og frakta passasjerane og ein del av mannskapet ut til *Tottan*. Tilbake på *Jopeter* var seks frå mannskapet og to danske fangstmenn. Danskane var igjen for så langt råd å ta vare på fangsten som dei hadde med *Jopeter* som last.

Den danske ishavsskuta *Kista Dan* (seinare namn *Martin Karlsen*) kom seg inn til *Jopeter* for å prøve sleping. Men forholda var så vanskelege at *Kista Dan* måtte gje opp forsøket, av fare for sjølv å bli innestengd. *Kista Dan* nøgde seg med å ta med dei siste folka frå *Jopeter*. *Jopeter* hadde lekkasje, og vurderingane gjekk på at lekkasjene var så store at skuta ville gå ned i løpet av tre-fire veker. Då skuta måtte forlatast, vart det rekna som eit forlis.




"Jopeter" forleten i Grønlandsisen september 1955.

JOPETER GJENOPPSTOD:

Etter at *Jopeter* måtte forlatast, rekna alle med at skuta låg på havbotnen for alltid. Men lekkasjene kan ikkje ha vore så store som vurderingane i forlissituasjonen i 1955 tilsa. Sommaren 1956 vart skuta oppdaga ståande på ei leirgrunne i Mount Norris-fjorden på Trailløya, av eit sjøfly frå ein dansk grønlandsekspedisjon. Tilsynelatande i same stand som då ho vart forlaten.

Flygarane landa, kom seg om bord i *Jopeter* og testa radioutstyret. Batteria inneheldt framleis så mykje straum at dei melde det sensasjonelle båtfunnet direkte over *Jopeter* sin radio.

Dette innebar starten på eit kappløp for å kome om bord i det herrelause fartøyet, heise flagg og slik hevde finnarretten til skuta. Den danske marinekutteren *Teisten* var i farvatnet, det same var norske *Polarbjørn* (1950) på ekspedisjonstur for Norsk Polarinstittut og Arktisk Næringsdrift AS. På *Polarbjørn* var Henrik Marø skipper og John Giæver ekspedisjonsleiar. Danskane kom først fram og heiste flagg. Dei ville også hindre Marø og Giæver frå å kome om bord for å inspisere skuta sin tilstand. Situasjonen tilspissa seg, med munnbruk frå begge sider, og frå dansk side visstnok også med trugsmål om våpenbruk.



Fra Mountisfjorden meldes at danskene skal være stort for å utsøke «Jopeter» til å møte ethvert angrep. (Nationen).

Dramaet kring "Jopeter" slik avisteiknaren i Nationen såg føre seg situasjonen. Faksimile fra Sunnmørsposten 28.07.1956

Om ikkje anna var situasjonen ei oppfrisking av dei gamle motsetningane mellom Danmark og



"Jopeter" vert klargjort for slep heim.

Norge om retten til herredømme over Aust-Grønland.

Det vart imidlertid fort klart at *Jopeter* var forsikringsselskapet sin eide. Forsikringa leigde ishavsskuta *Melshorn* til å gå til Nordaust-Grønland og - om mogleg - slepe *Jopeter* heim. På *Melshorn* var Monrad Pilskog skipper. Skuta hadde skipperveteranen Kristoffer Marø med som kjentmann, og i tillegg både dykker og elektrikar.

Dykkeren utførte ei provisorisk tetting av lekkasjen på *Jopeter*. Ein av hjelgemotorane stod montert så høgt i maskinrommet at vatnet i skutebotnen ikkje nådde motoren.

Det skulle ikkje særleg mykje ettersyn til for at hjelgemotoren kunne startast og forsyne dei elektriske funksjonane om bord med straum. Hovudmotoren stod det litt verre til med. Motoren hadde fått inn vatn både gjennom luftintakket i veivhuset og gjennom skorstein og eksosrør. Men at kjølevatn hadde vorte tappa ned før skuta vart forlatten i 1955, sparte truleg hovudmotoren for ein større skade.

Historia om *Jopeter* si overvintring på Nordaust-Grønland kunne lett ha tatt ei litt anna vending. Oslo-mannen Otto Lapstun fangsta sesongen 1955-1956 på Kapp Petersens-terrenget. Ein gong i løpet av vinteren 1955-1956 skulle han køyre med hundeslede til Myggbukta. Han hadde valet mellom ei lengre



"Melshorn" sleper "Jopeter" ut av isen.

route over sjøisen rundt Trailløya – eller ei kortare route over Trailløya, med bakkar og høgdedrag, og ned til Mount Norris-fjorden. Hadde han valt ruta over Trailløya, var sjansen stor for at han ville ha funne *Jopeter*.

Etter at *Jopeter* var slept heim, vart skuta sett på land på Hjørungavåg Mekaniske Verkstad i Hjørungavåg for ei første vurdering. Deretter vart skuta slept til full reparasjon og klargjering ved Bergens Mekaniske Verksted – og seld frå forsikringsselskapet tilbake til reiarlaget.

I februar 1957 var skuta klar for innsats, med nytt fiskerimerke M 88 HD. Ettersom skuta var sletta frå alle register som forlist, fekk ho også nytt kjenningsignal LAYA. Med Henrik Marø som ny skipper gjekk skuta til fangst ved Newfoundland.

EIT SKUTE- OG SKIPPERMØTE:

Etter at *Melshorn* hadde drege *Jopeter* av leirgrunna, vart *Jopeter* slept ut gjennom isen. *Polarbjørn* gjekk føre og bauga råk for *Melshorn* og *Jopeter*.

Ein eller annan stad i nærområdet fann det stad eit litt sjeldant skutemøte. I tillegg til *Jopeter* og *Melshorn* (skipper Monrad Pilskog, kjentmann Kristoffer Marø), var *Polarbjørn* (skipper Henrik Marø) og Oslo-skuta *Selbarden* (skipper Knut Nakken) med på møtet. *Selbarden* var på



Skute og skippermøte. *Selbarden*, *Jopeter*, *Melshorn* og *Polarbjørn*.

ekspedisjonsoppdrag for danskane. Alle skutene la seg side om side.

Interessante var også eit par av skipperane. Knut Nakken på *Selbarden* hadde vore skipper på *Jopeter* i fire år då han måtte forlate skuta i isen i 1955. Henrik Marø på *Polarbjørn* (1950) overtok som skipper på *Jopeter* (*Polarbjørn*) i 1957 og var fast skipper der i meir enn ti år.


POLARBJØRN 1958 – 1974:

I 1958 vart familiereiarlaget i Brandal reorganisert. *Jopeter* vart overført frå Peter S. Brandal & Co til AS Polarbjørn, og skuta vart omnemnd frå *Jopeter* til *Polarbjørn*. Det tradijsjonsrike *Polarbjørn*-namnet var ledig fordi treskuta *Polarbjørn* (1950) hadde forlist på Nordaust-Grønland hausten 1957.

Sommaren 1958 gjekk *Polarbjørn* i forsyningsteneste til danske stasjonar på Aust-

Grønland. Skuta hadde kol i lasterommet og bensin på fat som dekkslast. Lasten skulle i hovudsak til Scorebysund. Skuta var vest av Stadlandet på veg frå Danmark til Grønland då det vart oppdaga at skotet mellom lasterommet og maskinrommet var påfallande varmt. Det vart fort oppdaga at det var ein ulmebrann i kollosten. Kolos frå ulmebrannen hadde trengt framover i skuta og inn i lugarane under bakken, der både passasjerar og mannskap på frivakt låg og sov.

Kursen vart med ein gong endra, og skuta gjekk med full fart mot Ålesund. Det vart med ein gong starta gjenoppliving på dei som var råka av kolos og tilsynelatande livlause. Ambulansebåten *Samaritan* med lege om bord kom dei i møte frå Ålesund. I Ålesund gjekk *Polarbjørn* direkte til kai – akkurat nok til å få dei råka på land og sende til sjukehus.



"Polarbjørn" med kurs for Ålesund med brann i lasta. Foto frå Magnar Aklestad.

Med ei bensinlast på dekk over eit lasterom med ulmebrann var *Polarbjørn* ei brannbombe. Skuta trekte ut på Aspøyvågen og fekk hjelp til å sløkkje brannen frå Brannsprøyta i Ålesund. Det tragiske resultatet var fire omkomne: To grønlandske born som var passasjerar, og to frå mannskapet – ein messegut og ein smørjar. Smørjaren var son til skipperen.

Etter at brannen var sløkt, vart lasten reorganisert. Kolet vart tatt på land på Møre Kullkran i Ålesund, der det fekk ligge ei tid før å bli kjølt ned. Deretter vart kolet tatt om bord igjen, og turen til Scoresbysund heldt fram, med styrmann Johan Olsen junior som skipper. Skipper Henrik Marø vart igjen heime, ettersom sonen Hermann var ein av dei omkomne i ulmebrannen.

Hausten 1958 vart *Polarbjørn* ombygd på ein måte som ga skuta eit litt anna ytre preg. Styrehuset vart utvida til begge sider og eksosoppføringa vart trekt inn i overbygget med ein mindre skorstein på toppen. Den frittståande skorsteinen var borte. Ombygginga vart utført ved Liaaen i Ålesund.

ANTARKTIS IGJEN:

I den sørlege sommaren 1958 -1959 gjekk *Polarbjørn* ein tur til Norway Station i Dronning Maud Land for Norsk Polarinstitutt. Turen var ein del av det internasjonale geofysiske året IGY. Skuta hadde med to single Otter fly frå luftforsvaret som dekkslast. Flya skulle brukast til fotografering og til å frakte grupper av landmålarar og kartografar rundt omkring. Major Gudmund Odden var med som ansvarleg for flygingane.

Hausten 1959 vart det utført ei stor overhaling på hovudmotoren. Den vart utført ved Lothe mekaniske verkstad i Haugesund av folk frå Nohab-fabrikken i Trollhättan i Sverige.



"Polarbjørn lossar ved iskanten i Antarktis 1959. Foto frå Magnar Aklestad.

Polarbjørn var til Antarktis også i den sørlege sommaren 1959-1960. Formålet var å hente heim dei norske frå Norway Station. Stasjonen vart overtatt av Sør-Afrika og ommennd til SANAE (South African National Antarctic Expedition). På turane til Antarktis var norske fartøy ofte innom Cape Town, så også denne gong.

Berre nokre timars gange frå Cape Town sørover var skuta ute i tung sjø. Stuerten skulle tøme ei søppelbøtte over bord på lesida. Skuta tok på same tid ei overhaling. Stuerten miste fotfestet og stupte over bord. Det var berre

tilfeldig at hendinga vart observert av andre om bord. I mørke og därleg ver var stuerten ikkje god å finne. *Polarbjørn* leita heile natta – med alle lys på og utkik frå alle posisjonar om bord. Neste dag fekk dei hjelp frå både skip og fly frå Sør-Afrika – men stuerten vart aldri funnen.

Ei tid seinare miste ein av styrmennene livet i ein eksplosjon under handtering av dynamitt. Dette var langt utanfor skipsruter med motgåande trafikk og like eins utanfor rekkjevidde for helikopter. Å snu for å sende heim båra med den omkomne, ville forstyrre framdrifta i ekspedisjonen på øydeleggjande måte. Derfor vart den omkomne innsydd i ein segldukspose og gravlagd ved senking i havet. Maskinsjefen kappa ein bit av ein stagbolt, og denne biten var sydd inn i fotenden av posen, for at den skulle søkkje til botns. Gravlegginga vart gjort sør for Bouvetøya etter ein forenkla gravferdsseremoni, leidd av skipper Henrik Marø på ein verdig måte. Dette skal visstnok ha vore ein av dei siste gongane det vart gjennomført gravlegging ved senking i havet frå eit norsk fartøy.



*Gravferd til sjøs frå dekket på *Polarbjørn* desember 1959, like sør for Bouvetøya.*

Uhell følgde *Polarbjørn* vidare på ekspedisjonen. I isen kom skuta fast. Ho vart løft så høgt av skruis at vassinntak for kjøling av hjelpemotorar kom over vassflata. Resultatet var at skuta miste dei fleste elektriske funksjonar. Den som kom til og hjelpte *Polarbjørn* ut av klemma, var den argentinske isbrytaren *San Martin*.



"Polarbjørn" får isbrytarhjelp etter å ha leie fast i isen. Foto frå Magnar Aklestad.

På heimturen frå Antarktis gjorde *Polarbjørn* ein stopp i Cape Town. Der vart det halde sjøforklaring etter dei to dødsulykkene på Antarktis-turen.

På heimturen var det norske mannskapet frå Norway Station med. Blant desse var det nokre personar som hadde vore på Norway Station gjennom tre år i samanheng. Nokre av dei hadde ordna seg slik at koner og kjærastar fekk fri reise frå Norge til Cape Town med eit kvalkokeri på veg sørover, saman med ein Volvo PV 544 personbil, som tilhørde ein av karane. Ved *Polarbjørn* sitt anløp i Cape Town gjekk karane i land. Frå Cape Town heldt dei – og damene – fram heimreisa i personbil gjennom både Afrika og Europa – litt av ein biltur.

AUST-GRØNLAND OG JAN MAYEN:

I tillegg til årlege selfangstturar til isen ved Newfoundland heldt *Polarbjørn* fram forsyningstenesta til Aust-Grønland. I 1969 var



Mannskap på «Polarbjørn» på tur til Aust-Grønland i 1966. Bakre rekke frå venstre: Kåre Nils Brandal, Asbjørn Barstad, chief Leonhard Sulebust, Olav Barstad, Idar Dimmen, Bjarne Hustadnes, Arvid Myklebust, og dansk kokk Holger Hansen. Første rekke frå venstre: Maskinist Sigmund J. Brandal, styrmann Magnar Aklestad, styrmann Kåre Frøland, fru Ellen Marø, skipper Henrik Marø, telegrafist Eli Holstad, og stuert Bernt Marø. Foto matros Edvard Hole.

Polarbjørn i nærleiken av Tingmiarmiut då skuta miste propellen i pakkisen. Bergingsbåt måtte tilkallast heilt frå Godthåb for å slepe *Polarbjørn* til Reykjavik. Der vart skuta sett på land og fekk reservepropellen montert.

Nye innslag var forsyningsteneste til Jan Mayen for norske styresmakter og NATO, og til internasjonale selskap som dreiv oljeleiting på Svalbard.

Utbygging av stasjon, og etter kvart også flyplass, på Jan Mayen trong bulldosarar, gravemaskinar, lastebilar osv. Til den forsyningstenesta fekk *Polarbjørn* forsterka riggen, nok til å løfte og frakte ein bulldosar på

11 tonn. I farten på Jan Mayen hadde *Polarbjørn* selskap av *Polarhav* frå same reiarlag. Dei to skutene gjekk ei tid nærmast i skytteltrafikk mellom Bodø og Jan Mayen.

Beerenberg på Jan Mayen er Norges einaste aktive vulkan, med utbrot i både 1970- og 1980-åra. Hausten 1970 hadde Beerenberg eit heller langvarig utbrot. Ved det høvet var *Polarbjørn* ved Jan Mayen. Folk på skuta hadde høve til å observere hendinga på trygg avstand, men likevel nær nok til å få inntrykk av kreftene som var i sving.

CANADA 1975 – 1994:



"Polarbjørn" lossar bulldosar på Jan Mayen.
Foto frå Magnar Aklestad.

Selfangsten var i tilbakegang i 1970-åra, mykje som resultat av kampanjane frå organisasjonar for betre dyrevelferd. På same tid auka aktiviteten innan oljeleiting i nordlege farvatn. Der trongst det isgåande fartøy for seismisk aktivitet. *Polarbjørn* var ikkje høveleg for slik aktivitet. I 1974 overtok Rieber reiarlaget AS *Polarbjørn* – og dermed både skuta og *Polarbjørn*-namnet. Seinare same året selde Rieber *Polarbjørn* til Canada. Siste skipper på *Polarbjørn* i norsk teneste var Arne Røbekk. Skuta vart levert til dei nye eigarane på nyåret 1975. Skipper på overleveringsturen var Kåre Frøland, som tidlegare hadde vore styrmann på skuta.

Den nye eigaren av skuta var Johnson Combined Enterprises Ltd (Frederick Morrissey Johnson) i Catalina, Newfoundland.

Frederick Morrissey Johnson var ein velkjend og respektert kanadisk ishavsskipper. Han og far hans hadde hatt ei fangstskute med namnet *Lady Johnson*. Den skuta hadde dei mist i ein brann. Då dei overtok *Polarbjørn* gav dei skuta namnet *Lady Johnson II*. (Eit fotografi av skuta, truleg frå si første tid i Canada, viser namnet



Skipper Arne Røbekk 1924-2006

Lady Johnson II på baugen, men med namnet *Polarbjørn* framleis synleg på fronten av styrehuset).

Nokre år seinare kjøpte Johnson Combined Enterprises Ltd ishavsskuta *Polarfart* frå Jan Olsen i Tromsø og gav den namnet *Clayton M. Johnson*, etter Frederick Morrissey Johnson sin far. Seljaren, Jan Olsen, var far til Jan Henry T. Olsen, som i 1990-åra var norsk fiskeriminister. Frå forhandlingane med EU om fiskeriavtale vart Jan Henry T. Olsen kjend under tilnamnet 'no-fish-Olsen'.

Frederick Morrissey Johnson var ein periode medlem av det kanadiske parlamentet (underhuset) som representant for det progressivt konservative partiet, vald frå provinsen Newfoundland and Labrador. Frederick Morrissey Johnson sjølv miste livet i ei bilulykke 2003, då bilen han var passasjer i kolliderte med ein elg på Newfoundland.



"Lady Johnson II", men framleis "Polarbjørn" på bruia.

Frå 1975 til 1982 var *Lady Johnson II* årvisst på selfangst på fangstfeltet ved Newfoundland. Ofte saman med skuter frå Sunnmøre. Blant desse var også skuter frå Brandal/Karlsenreiarlaget, som *Lady Johnson II* tidlegare hadde tilhørt som *Jopeter* og *Polarbjørn*. Utanom sesongane for selfangst vart *Lady Johnson II* brukt av det kanadiske fiskerioppsynet. Ved sjøgrensa mellom Canada (Baffin Land) og Grønland, ved ca 67 -69 grader nord, gjekk det føre seg rekefiske på kanadisk sokkel.

1982 vart eit vendepunkt. Det var siste året det var tillate med tradisjonell fangst etter kvitungar og blueback. Dei norske skutene det siste året på newfoundlandsfeltet var *Polarstar*, *Melshorn* og *Veslemari* – saman med blant andre *Lady Johnson II* frå kanadisk side. (*Melshorn* var skuta som slepte *Jopeter* heim frå den einsame grønlandsovervintringa i 1956).

Skipper på *Lady Johnson II* avslutningssesongen for newfoundlandsfangsten var den utflytte tromsømannen Ulf Snarby. Maskinkunnige nordmenn som hadde

gjort teneste om bord medan skuta heitte *Polarbjørn*, var om bord i *Lady Johnson II* om lag på denne tid. Dei konstaterte at Nohabmotoren frå 1952 såg ut til å vere i god stand.

I dei følgjande åra låg *Lady Johnson II* mykje i opplag. Men skuta vart brukt enkelte turar for å hente fisk frå Labrador til Newfoundland.

I 1988 vart *Lady Johnson II* sold til Beothic Fish Processors Ltd (Bruce Davis med fleire) i Badger's Quay, Newfoundland og ommennd til *Beothic Endeavour*. Bruce Davis og bror hans brukte skuta til mange ulike oppdrag: frakt av fisk frå Labrador og slepeoppdrag i området Labrador, St. Lawrence-gulfen, blant anna til Sorel ved Montreal, Hudson Bay og øyane i det arktiske Canada.

Tidleg i 1993 vart *Beothic Endeavour* sold til Avalon Seafood Products Ltd, St. John's. Kjøparane av skuta var to menn som av gode grunnar vakte oppsikt. Dei kom med kjøpesummen 175.000 dollar i kontantar som dei bar i fleire handleposar. Ved slike overdraginger var den slags verdioverføring eigna til å vekkje mistankar i fleire retningar. Skuta fekk etter dette namnet *Arctic Trader*.

Våren 1993 dukka fartøyet opp i Halifax, med eit mannskap som stod litt i stil med den uvanlege verdioverføringa. Kort tid seinare fekk skuta maskinhavari, og mannskapet vart arrestert for narkotikasmugling. Det verkar som *Arctic Trader* si oppgåve var å leie styresmaktene si merksemrd bort frå ein større narkotikatransport. Skuta vart tatt i arrest.

Bruce Davis vart avhøyrd om salet av *Beothic Endeavour*. Han meinte salet var legitimt. Men han angra på salet, ikkje minst fordi skroget var i så god stand at skuta kunne gjort teneste i mange år vidare.

SLUTTSTREK:

Sommaren 1993 vart *Arctic Trader* slept til Sheet Harbour, Nova Scotia, og lagt i opplag ved ei kai. Der vart akterskipet brannskadd etter brannstifting. Brannen vart sløkt av det lokale brannvesenet.



Arctic Trader ved kai med tydlege spor av brann

Etter eit andre forsøk på brannstifting vart det bestemt at *Arctic Trader* skulle opphoggast. I påvente av tauing til opphogging vart skuta liggande ved kaia. Ei kald natt i februar 1994 vart eit rør øydelagd av frostsprenging, og skuta begynte å ta inn vatn. Då nokon oppdaga kva som var i ferd med å hende, var det for seint å gjere noko. *Arctic Trader* sokk på grunt vatn ved kaia.

Seinare har vraket av *Arctic Trader* vore brukt som mål ved sportsdykking. Vraket skal visstnok ha vorte taua bort frå kaia til litt djupare, men likevel heller grunt vatn. Derfor eignar vraket seg bra for øving i dykking.

I 1996 og 1997 skal lokalstyringa i Sheet Harbour ha gått inn for å leggje forholda betre til rette for dykking til *Arctic Trader*.

Eit variert og dramatisk skuteliv – med sterkt tragiske innslag - var til ende.

INFORMANTAR OG REFERANSAR:

Informantar: Magnar Aklestad; Johannes Bjarne Alme; Susan Barr; Svein Blindheim; Arnljot Brandal; Leif Kristian Brandal; Sigvald Brandal; Dag Børresen; Odd Eiken; Arne Foldvik; John Giæver jr; Audun Gården; Sigurd Helle; Erik Haakonsholm; Idar Kaldhol; Kjell-G. Kjær; Leiv Korshamn; Henrik Landmark; Webjørn Landmark; Otto Lapstun; Henrik Marø; Einar Olsen; Johan Olsen jr; Nils Gunnar Pilskog; Arne Røbekk; Ole-Christen Røren; Jarle Sandvik; Ulf Snarby (i e-postar til Kjell-G. Kjær); Åsmund Tangen; Øyvind Thuresson; Nicholas Tyler; Ivar Ytreland; personalet ved biblioteket i Norsk Maritimt Museum.

Referansar:

Barr, S. (1991). Jan Mayen: Norges utpost i vest. Øyas historie gjennom 1500 år. Oslo: Schibsted.
Barr, S. (2003). Norway – a consistent polar nation? Oslo: Kolofon AS.

Brategg loggbok 1942-1947; 1948-1949. Ishavsmuseet Aarvak, Brandal.

Brategg loggbok 1947-1948. Sandefjord, Hvalfangstmuseet. Arkiv nr H7.

Dale, J. (utan årstal). Velferd på Vest-Grønland. Ålesund: Furhaugen Forlag ved Jon Dale.

Det Norske Veritas (1956). Besiktigelsesrapport 30. august 1956. Kopi hos Ole-Christen Røren.

Drivenes, E-A.; Jølle, H. D.; Zachariassen, K. (2004): Norsk Polarhistorie 3. Rikdommene. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Døssland, A. og Løseth A. (2006). Havfiskeflåten i Møre og Romsdal og Trøndelag. Bind 1. Mot fjernare farvatn 1860 – 1960. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.

Hansen, F. R. (1995). Trondhjems mek. Verksted a. s. 1843 – 1983. – her byggedes skibe -. Trondheim: Finn R. Hansen.

Jopeter loggbok 1950-1955. Ishavsmuseet Aarvak, Brandal.

Larsen, N. (udatert). *Brategg*-ekspedisjonen 1947-48. Sandefjord, Hvalfangstmuseet: De Norske Hvalfangstselskapers Forbund. Arkiv nr H7.



"Arctic Trader" ved kai i Sheet Harbour, Nova Scotia.

Larsen, N. (udatert). Israpport. Sandefjord, Hvalfangstmuseet: De Norske Hvalfangstselskapers Forbund. Arkiv nr H7.

Larsen, N. (udatert). Sonar rapport. Sandefjord, Hvalfangstmuseet: De Norske Hvalfangstselskapers Forbund. Arkiv nr H7.

Melshorn loggbok (1956). Kopi hos Johannes Bjarne Alme.

Mikkelsen, P. S. (2001). Nordøstgrønland 1908-1960. Fangstmandsperioden. København: Peter Schmidt Mikkelsen & Aschehoug.

Nordanger, T. (1980). Dramaet i Nord-Atlanteren. Februar 1939. Bergen: Nordanger Forlag.

Ottesen, J. (2007). Skuter på selfangst. Ulsteinvik: Fotoarkivet Forlag.


Polarbjørn loggbok 1958-1974. Ishavsmuseet Aarvak, Brandal.

Rettsbok (1955). Rettsbok den 10. Oktober. Rettsbok for Ålesund byrett (1955). Tromsø: Norsk Polarinstitutts bibliotek.

Skipet. Tidsskrift. Red. D. Bakka: 'Norske skipsforlis 1971'. (Udatert utklipp).

Vollan, O. (1951). Ishavsfart. Selfangsten fra Sunnmøre gjennem femti år. Oslo: Alb. Cammermeyers Forlag.

Wikipedia.



Brategg slik skuta såg ut under ekspedisjonen i 1947/48. Foto fra Hvalfangstmuseet i Sandefjord.



Mannskap og forskrarar på *Brategg*-ekspedisjonen i 1947/48. Foto fra Hvalfangstmuseet i Sandefjord.

ISHAVSMUSEETS VENNER

STØTT OSS MED DIN GRASROTANDEL!

Grasrotandelen gir deg som spiller hos Norsk Tipping mulighet til å bestemme hvem som skal motta noe av overskuddet til Norsk Tipping. Hver gang du spiller går inntil 7 prosent av din spillinnsats til den grasrotmottakeren du velger - uten at det går utover din innsats, premie eller vinnersjanse. Vi oppfordrer deg til å støtte oss i ISHAVSMUSEETS VENNER

-Bli med og støtt vårt arbeid for bevaring og formidling av vår polarhistorie!

Bli Grasrotgiver i dag! Du kan bli grasrotgiver i alle Norsk Tippings kanaler eller ved å sendeSMS «Grasrotandelen 997304527» til 60000



Ishavsskipper Johan Peter Kornelius Olsen

Arbeidermagasinet nr. 29
1940



Johan P. T. Olsen ser ut akkurat slik som en venter det. En liten traust herre med skalk og sigarett og sjømannssleng. Sikker, med auer av panserstål. Sterk, med en sammenknødd kropp. Ytterlig uredd og dyktig som bare pokker. En glad og lettlivet kar som alle må like.



*Ishavsskipper Johan Peter Kornelius Olsen
(9/4-1879 – 1958)*

Johan Olsen på «Veslekari» er blitt et begrep på Ishavet, en institusjon. De to, skuta og mannen, hører sammen, som Marø og «Polarbjørn»,

Schjelderup og «Quest», ja, som flesk og bønner. En skipper med ei skute som redskap.

Når Johan Olsen en gang om mange år dør, da får vi ta og stoppe ham ut og plassere ham i Sjøfartsmuseet under merket «100 pst. ishavskar». For det er han.

Dessuten er han en mer enn landskjent personlighet som mer enn kanskje noen annen har lagt grunnlaget for ny norsk ekspansjon på den nordlige halvkulen. En foregangsmann som med rimelig rettferd nå burde vært millionær, men som ikke er annet enn han alltid har vært: En av Norges mest overlegne ishavsmenn.

For noen tid siden ble han utnevnt til ridder av St. Olav. Men man har titt hengt storkorset på mindre menn enn ham. Om femti år står der en statue av ham på kaia i Ålesund. Vær sikker! For Johan Olsen er av de menneskene som kaster lys langt framfor seg. Og der han hittil har vist veien, vil hele flåter av norske fartøy følge i framtiden. Der ligger alt mange i kjølvannet hans, men mang-foldige flere blir det. Bare se til!

La oss så se på hva denne ishavsridderen har opplevd og utrettet:

Johan Peter Kornelius Olsen er født i Ålesund 1879. Han gikk tidlig til sjøs og passerte gradene i koffardifarten. Enøgtjue år gammel finner vi ham som fører av fartøy. Senere har han drevet med det. Og med mye annet.

Han var den første som brukte motor på Ishavet. Det var i 1905 alt. Pussig nok fører han i dag et av de få dampskipene som vi har att i seilflåten vår.

Det var i 1911 og 1912 han gjorde den store oppdagelsen som kom til å få slik stor betydning for fiskeribedriften. Og som vil få større betydning for hvert år som går. Da fant han



«*Hisø*», her fra midten av 1920-talet.

nemlig de store forekomstene av kveite og torsk på bankene i Davisstredet vest om Grønland.

Han lå på kvalrossfangst med dampkutteren «*Hisø*» av Ålesund i Baffinsbukta og hadde nok rent på vona tatt med noe fiskeredskap. Fisk fikk han all right. Mer kanskje enn han hadde ventet. Men Davisstredet ligger jo langt unna, og fartøyene den gangen var lite beregnet på havfiske bak så store avstander.

Men i 1923, under kvalfangst med «*Veslekari*», forsto Johan Olsen at tidens fylde var inne. Det var blitt gressent med fisk i de nære farvann, og skutene var nå mer høvelig.

Så skulle en vel tru at han oppsøkte en rikmann og fikk startet et selskap med seg sjøl som administrerende? Vel, – det hadde kanskje både De og jeg gjort, og ingen kunne sagt noe til det. Enhver kan jo være seg sjøl nærmest. Og her lå jo store verdier og ventet.

Johan Olsen er en mer enn merkelig kar. Han tillyste møte i Ålesunds skipperforening, og der fortalte han kolleger og redere om de store mulighetene vest i havet. Forretningshemmelighet? Jøsses! Olsen sa: – Jeg har funnet et av verdens rikeste fiskefelter. Der er verdier for millioner. Gå og ta dem! Men se til å få noen brukbare hamner åpnet på det lukte Grønland.

Vi vet hvordan det gikk. Først sprette forsøk. Olsen var sjøl i vei med «Polarbjørn» i 1925 og tok last av kveite og torsk. Så kom de store norsk-engelske kveite-ekspedisjonene, – «Helder» og de andre. Han førte «Helder» i 1926.

Men egentlig allmenn betydning fikk oppdagelsen hans først i 1935 da danskene omsider åpnet den første hamna, Færingshavn på Vest-Grønland. Først da kunne de jevne, kapital-lause fiskerne våre slippe til. Med de små skutene var de avhengig av opplag og vannfylling i land nært ved bankene.

Vi står i dag ennå ved begynnelsen. I fjor dro mange skuter til Vest-Grønland. Mest møringer.

I år er det blitt mange flere, – og Nord-Norge er kommet med. Foruten naturligvis færinger, franskmenn, islendere, engelskmenn osv. En storbedrift er i emning. Administrasjonen var heldigvis tidlig klar over denne allmenne utviklingen.

I 1935 bevilget Handelsdepartementet midler til Svalbard-kontoret, slik at vår kommandørkaptein Rolf von Krogh kunne lodde opp de viktigste bankene der vest. Nå har fiskerne brukbare sjøkart å gå og driftet etter. Snart må vel danskene gi etter for kravet om minst en havn til. Og så skal dere få se på greier. Nevnes skal det at arbeiderregjeringen har sett mulighetene og hjulpet mange fiskere til høvelige skuter.

Fint! Bare fortsett. La fiskerne eie båtene sine sjøl.

Men denne utviklingen, – hele bedriften skyldes Johan Olsen. En dansk ekspert undersøkte de samme bankene i sin tid og fant ut at der ikke fantes drivverdige forekomster. Om nå den norske skipperen ikke hadde forstått tingene bedre.

Imens var Johan Olsen ute på andre felter med nye forsøk. Alt i 1915 var han med steambarken «Njørð» og drev selfangst ved Newfoundland. Første nordmann der. Og da Kvitsjøen slo feil noen år, skrev han straks i avisene: – Prøv New-Foundland. Der er nye muligheter for norsk selfangst. Forsøk ble gjort i fjor med regjeringens garanti. I år prøvde flere. Det har jo gått bra – for de skutene som nådde fram. Men forlisene underveis viser at regjering og storting også her må hjelpe folka til høvelige skuter. Jeg har skre-vet det ofte nok. Mulighetene har Johan Olsen pekt på. Skaff folka midlene til å utnytte dem.

Men hvorfor fortsatte ikke Olsen på Newfoundland sjøl. Spør ham! Han fikk visst interesse for en ny fangst. Dro etter kval på Vest-Grønland. Fra 1918, da han fikk «Veslekari» å føre, til 1923 drev han etter kval og sel på ymse felter. En tur var han på fangst nede ved Gibraltar.

I 1923 spilte danskene ham et slemt puss. Han lå utfør vestkysten med to kvalskrotter ved skipssiden, da en dansk kolonibestyrer sendte ham en skrivelse med kajakkbud. Befolkningen lider nød, skrev han. Vil De ikke i barmhjertighets navn komme inn til oss med alt det deilige kjøttet? Og Olsen bugserte straks skrottene fram til kolonien.

Da kom det danske oppsynsskipet og arresterte «Veslekari». Tross i de svoltne eskimoene og embedsmannens skriftlige bønn. Tross i all



«Veslekari» i fangst 1926. Foto fra Anton Sulebakk

anstendigskipet en følelig mulkt for å ha gått innsjøgrensen. Det var en svinsk historie som vi sent skal glemme. Johan Olsen ga opp hele kvalfangsten da.

I stedet prøvde han på en ny fangst. Han dro i 1924 med «Veslekari» til Novaja Semlja og Sibir på kvitfisk-fangst. Kanskje kunne det og blitt til noe om ikke Sovjet hadde hevdet suverenitet over polarsektoren sin.

I 1927 finner vi Olsen igjen på kvalfangst – ved portugisisk Angola i Vest-Afrika. Og i de neste to årene drev han under Svalbard. Siden 1933 har han igjen ført sin gamle, gode «Kari» for Elling Aarseth, Ålesund. Nå bare på selfangst. Første året tok han 13 tusen dyr, – og det er en rekord som neppe blir slått så snart.

Allmennheten kjenner best Johan Olsen som den skipperen vi sender ut på unnsetningsekspedisjoner i Arktis. Er noen i nød der nord, så blir det oftest han som blir sendt til hjelp.

Alt høsten 1917 førte han D/S «Flemsøy» på leitung etter alle de selfangerne som var blitt borte i Vestisen. Han fant bare en knust fangstbåt på Island.



«Veslekari» 1926. Foto fra Anton Sulebakk

I 1924 berget han mannskapene da «Draugen» og «Kapp Flora» gikk ned i Kvitsjøen. Og sommeren 1928 leita han etter Amundsen, leid av miss Boyd. Da «Istind» sank i Vestisen i 1936, berget han mannskapet.

Da Svalbard-kontorets avløsningsekspedisjon i 1935 ble fast i Grønlandsisen med «Buskø», ble Olsen sendt til unnsetning med «Veslekari». «Buskø» greide seg sjøl, og «Kari» holdt på å bli skrudd ned. Men det gikk bra med begge.

Etter jordskjelvene på Jan Mayen i 1936 ble Johan Olsen seint i november sendt til unnsetning av den meteorologiske stasjonen der.

Senest nå i vår var han borte under Grønland med det flyet som hentet hjem den sjuke franske greven Gaston Micard.

Det er mye, men ikke vet nå jeg om alt er kommet med.

Så har altså Johan Olsen i fire somrer dradd omkring på polkalotten med miss Boyd. Og hun er blitt verdensberømt på det. Mens Olsen på sin side vel er det eneste mannfolket som missen har ubetinget tillit til.

På en av disse turene rendte «Kari» på grunn innerst i Geologfjorden på Øst-Grønland. Ikke var det planer om å komme av ved egen hjelp, og alle andre fartøy var gått hjemover. Det spørte for forlis og overvintring.

Da hektet Olsen en trosse fast i et av de store isfjella som driver om på den fjordtarmen. Og isen hadde tyngde og fart nok til å dra skuta flott. Flott! Ikke sant?

Ja, dette var hva skipper Johan Olsen har utrettet hittil. Han har likevel ennå mye å utrette, mange å berge og mange å unnsette. Går noe skjevt der nord, da får vi igjen høre et vist råd og en klok rettledning. En rolig stemme. Slik er han nå denne firkantete og allvitende skipperen.

Peder Røbek sitt virke på Grønland

I hovudsak basert på dagbøker skreve av Peder Røbek 1927 – 1931

Bilder er tatt av Peder Røbek der ikkje anna er nemnt.

Av Arne Odd Røbekk og Marit Karlsen Brandal

Bakgrunn

Peder Røbek budde i Mauseidvågen. Han vart fødd i 1897 og soleis 30 år då han fekk sjansen til å vera med på ekspedisjon til Grønland for å fangste på rev, moskus og isbjørn.

Han hadde hørt om dei fantastiske forholda for storfangst på Grønland, då det tidlegare hadde vorte utrusta slike ekspedisjonar mellom anna frå Brandal.

Det var vanskelege tider i Noreg og Europa,- med lite arbeid å få. Og dersom ein fekk ein jobb, var denne oftast kortvarig.


Peder var gift med Anna Marta. Ho var gravid med det fjerde barnet deira då Peder planla å reisa til Grønland. Dette barnet fekk namnet Laura og er i dag 92 år. Ho bur i USA, og er einaste gjenlevande av dei fire borna.



Ståande bak frå venstre Edith og Hansine. Framme frå venstre Anna Marta, Laura, Arne og Peder.

Trongen til å tena gode pengar, gjorde at Peder, trass familien heime, ikkje var sein med å hiva seg med på denne ekspedisjonen. Prisane på rev var gode, og salg av levande blårev til bruk i avl var ettertrakta. Ein blårev kunne faktisk tilsvara ei halv årslønn!

Trongen til eventyr må også ha vore sterkt tilstades, då det ikkje var heilt ufarleg det han heiv seg med på.



Hird ved sjøbuda i Mauseidvågen før avreise Grønland 1927 (avisutklipp)

M/B «Hird» av Mauseidvåg var ein fiskebåt på 49 fot. Skuta hadde fått nokre lag med ishud, men ikkje nok til å kunne gå i is, og var soleis heller dårlig budd på arktiske forhold. I tillegg hadde båten kun ein 40 hestars motor.

Båten var eigd av Petter Røbek, eldre bror av Peder Røbek, og Ole Båtnes. Denne skulle frakte dei seks ekspedisjonsmedlemmane til Aust-Grønland.

Skuta vart lasta til randa med alt dei trengde av proviant og utstyr, før dei «på ulovleg vis» stakk til havs. «Ulovleg» i den forstand at båten ikkje var godkjent av skipskontrollen pga den generelle tilstanden til båten,- og det faktum at dei var overlasta.

Overlasta med mellom anna materialer til bygging av fangsthytter og feller. Medisinkista hadde derfor vorte beslaglagt av politiet, slik at dei ikkje skulle fara.

Dette var sjølvsagt ikkje noko problem for Sunnmøringerne, so lenge der var fleire apotek i



Den beslaglagde medisinkista frå «Hird» er i dag å finne i samlingane til Ishavsmuseet.

Ålesund som selde varene. Ein kan spørja seg om politiet verkeleg meinte alvor då det var medisinkista dei tok og ikkje geværa.

Våpena var mykje meir verdifulle, og det ville vore vanskeleg å skaffa nye på svært kort tid. Når ny medisin var om bord, sette dei full fart ut frå havna i Ålesund med kurs for Grønland via Jan Mayen.

Og her er «linken» til artikkelforfattarane: Vi var med på ekspedisjon med «Polarbjørn» til Jan Mayen i 1974, nesten 50 år etter Hirdekspedisjonen (utan samanlikning forøvrig). Arne Røbekk, son til Peder Røbek og far til Arne Odd, var skipper om bord. Om lag 40 år seinare fekk vi igjen kontakt via Facebook. Marit fekk lesa dagbøkene til Peder Røbek, og Arne Odd hadde informasjon og hørt mykje om fangslivet til bestefaren.

Ekspedisjonen 1927 – 28

Hirdekspedisjonen, som den vart kalla, var i utgangspunktet meininga berre skulle vara eit år. Men uforutsette hendingar gjorde at det vart to. I tillegg til Peder Røbek, var desse med: Hermann Andresen, Peder Sulebak, Jørgen

Furnes, Jonas Karlsbakk og August Hansen. Bortsett frå sistnemnde, som var frå Nord Noreg, budde alle på Sunnmøre.



Karane om bord Hird før avreise. Bak frå venstre Peder Sulebak, Hermann Andresen, Peder Røbek. Framme frå venstre Jørgen Furnes og Jonas Karlsbakk. August Hansen er ikkje med på biletet.

Arne Odd fekk høyra frå faren Arne, at den siste tida før dei reiste, gjekk alle med ein blyantstump og ein papirlapp i lomma. Når dei kom på noko som dei måtte ha med, vart det notert ned med ein gong.

Dei tidlegare nemnde geværa (Krag Jørgensen) hadde dei fått overtatt frå Forsvaret. Gevær var naudsynt både mot isbjørn og til bruk i sjølvskotkasser.

For å unngå skjørbuk, tok dei med tørka grønerter. Disse la dei i kruset om kvelden og slo vatn over. Dagen etter spira ertene, og dei fekk soleis i seg friske grønnsaker.

Den overlasta båten kom seg klar av politi og skipskontroll, og fortsatte med full fart ut Breisundet. Dei sette loggen (eit propelliknande instrument som måler seilt avstand, også kalla bestikket), og satte kurs for Jan Mayen.

«Hird» brukte både motor og segl på overfarten. Etter fire døger skriv Peder i dagboka: *Kl. 24*

slog vi stop i maskinen, og ligger nu og driver, og venter paa at taaken skal lette. Som vi har havdt det siste døgn. Vaart bestik er nu utløpet, så vi venter at faa se Jan naar taaken leter.

Dagen etter fekk dei peiling på Beerenberg, og gjekk ein tur i land til telgrafstasjonen på Jan Mayen. *Vi blev der utover aftenen, vi fik mat, og kaffe med gramofonmusikk. Og saa sändte vi telegram hjem.*

Før dei reiste vidare, fyllte dei vatn på tanken og tok om bord ein del drivved. Heldigvis for «Hird», var det veldig lite is langs austkysten av Grønland dette året. Og den isen som var, var «fordelt», som Peder skriv. Dei skaut ein snadd når dei kom til isen, og hadde nydeleg selbiff til middag.

Landkjenning

«Hird» fekk etter kvart kjenning med Claveringsøya, og styrte nordover langs kysten. Karane hadde flaks, då der var gunstige vindtilhøve. Pålandsvind som ville pakka isen, hadde truleg gjort slutt på den overlasta og skrale båten. Men før dei drog vidare nordover, gjekk dei i land og skaut tre moskus. Dagen etter skaut dei tre kvalross.

Det var tydeleg at dei hadde kome til eit mateldorado. Peder skriv: *Paa veien N skjøt vi tre Hvalros, som vi havde meget arbeid med, før vi fik dem ombord. Det var tre store rugger, saa det viste godt paa skuten naar vi havde faat dem ombord.*

Huset som dei valde til eine stasjonen, låg på Sabineøya. Dette var eit dansk hus, men dei fann ikkje noko som skulle tilseie at dei IKKJE kunne bruke huset. Dermed tok dei inn og byrja lossa skuta. Men då dei etter eit par dagar hadde fått det meste på land, kom ei anna skute med Landmark som skipper. Han hadde erfaring derifrå, og fortalte at området ikkje var godt fangstfelt. Dermed lasta dei alt utstyret om bord

igjen, og drog vidare til Kap Herschell der dei satte opp fangststasjon.

Rikt dyreliv

Ved Kap Herschell såg dei med ein gong fleire rev. Og ein liten tur opp i fjellsida resulterte i fem harar. Snakk om fangstområde! Stasjon nummer to, Elvsborg, vart satt opp på Claveringsøya. Her var også ei god havn i nærleiken der dei ville fortøye «Hird» for vinteren.

Medan dei bydje, budde dei om bord i «Hird» men var under heile byggeperioden klare til jakt. Ikkje alle dyr var like lette å ta livet av, - som denne moskusen: *Kl.1 nat fik vi se en Moskus som kom forbi huset, og vi bestemte os paa at ro iland, og skyte den. Men det var et seiglivet dyr. Vi skjøt fra alle kanter på den. Men den sprang like godt. Men til slut maatte den gaa aat aligavel. Med nermere undersøkelse viste det sig at den havde 8 a 10 kulehul i den venstre bog. Foruten en hel del revolver kuler som den fik under kampen.*

Klargjering til fangst

Fangslaget delte seg, der tre karar vart att på Claveringsøya, medan Peder og to andre heldt til på Kap Herschell. Dei rekna med å ikkje sjå kvarandre før til neste vår. «Hird» var fortøyd, og Peder disponerte eine fangsbåten kalla Oljeoksen.

Det var fortsatt berre august, og revepelsen var ikkje «klar». Derfor prioriterte dei å fanga levande rev som dei kunne ha inngjerda i fangenskap til den fekk vinterpels.

Dei hadde dagar fulle av oppgåver med å gjera stasjonane klar, mellom anna byggja koyer. Og alle fellene som skulle lagast og settast ut. I tillegg tok dei seg turar i terrenget for å jakte moskus, sel, hare og rype, og nesten kvar dag rapporterer Peder i dagboka om fangst.



Fangsbåten Oljeoksen

Men dei må vente på frosten for å kunne legge seg opp kjøt til vinteren og mørketida. Nybakt brød ser ut til å ha betydd mykje, då det er kommentert i dagboka kvar gong dei bakar.


I slutten av august har dei totalt bygd og satt ut 17 feller for levande rev. Det var i tillegg viktig å få lagt ut slagfeller og samle stein før snøen la seg i lavlandet, so dette arbeidet med å snekre fellelem og spikke låsar byrja haste. Nysnøen hadde allereie lagt seg på toppane. Mykje uver gjorde at det var eit slitt å ro båten langs kysten med fellene, og dei vart lett verfaste.

Men der var fleire gamle bistasjonar langs kysten som dei nytta seg av når dei ikkje kom seg heim som planlagt.

Til slutt tok stormen båten, og resten av arbeidet måtte gjerast til fots. Peder skriv om slitsame turar, der dei både går tom for brød (og tobakk!), og vert gjennomvåte.

Hird forliser

Den 30. august: *Jeg har begyndt paa en baat som jeg har lagt op kjølen paa.* Imponerande, då ingen av dei faktisk hadde bygd båt før. Men Peder sin eldre bror, Elias, dreiv med båtbygging i løa heime i Mauseidvågen, so heilt ukjend med faget var Peder ikkje.



Rev i bur

Dagen etter ser dei eit bål som er tent på andre sida av fjorden. Dei er redd det kan vera eit signal frå det andre fangslaget om at noko gale har skjedd.

Dermed byrjar dei jobba på skift heile døgeret for å få båten ferdig, slik at dei eventuelt kan koma dei andre til unnsætning.

Dei finn dessverre fort ut at båten dei har laga ikkje er sjødyktig nok til å krysse fjorden over til Claveringsøya. Men dei bestemmer seg for å gå innover fjorden der dei hadde sett ein gamal, avsaga båt ved ei hytte. Kanskje den kunne fiksast?

På veg innover, skyt dei den første isbjørnen. Skinnet vert lagt under steinar, før dei fortsetter turen. Då dei endeleg var framme ved hytta, ser dei at nokon andre har vore der og slått den halve båten heilt sund for å bruke til ved.

Da vi havde druket kaffe saa begynte jeg og Andresen paa hjem veien da vi havde gaat sirka 3 ½ timme fik vi se en baat som kom roende, og vi skjøt da tre skud for at dem skulle høre os. Og da vi kom nermere viste det sig at det var vaare tre kamerater. Du kan tro vi blev gla for at se at de var alle friske. Da vi havde hilst paa hverandre saa fik vi høre til vaar store sorg at Hird var forlist den havde stubet styrbords kjetting og drevet i land, og knust. Vi gik om bord til dem, og rode til baken til huset vaart, og der over nattet dem hos oss. Paa veien tok vi

hjem Bjørneskindet, og laarene, og bøgerne. Alt vel.

«Hird» var ikkje forsikra, so dette kosta ekspedisjonen ein del. Dette gjekk nok også ut over humøret, sjølv om Peder ikkje «snakkar» om slikt i dagboka. Peder heldt seg til fakta, og det er inga sutring eller klaging å spore,- heller ikkje «mellan linjene». Tvert imot skriv Peder om den fantastiske bjørnebiffen dei har til middag dagen etter. Han meiner det er det beste kjøttet som er paa disse som er her.



Vraket av «Hird». Foto frå Peder Sulebak.

Det daglege livet på fangst

Det vart ofte lange dagar, og ikkje uvanleg å vera på farten med tung bør halve døgeret. Når dei gjekk ut hadde dei gjerne fullt opp med nye feller, som skulle leggast ut, settast opp, sjekkast og/eller haldas vedlike. Og på heimveg var det gjerne tung fangst å frakte på.

Dei var ofte vekke frå hovudstasjonen i fleire dagar for å sjå etter fellene og ellers驱ra anna jakt. Det var nok ikkje alltid so komfortabelt å liggja i dei relativt små bistasjonane, og dei kunne vakna opp stive og såre i lemmane.

Men so nøkternt Peder skriv om slike ting, har dei nok vore svært slitne dei gongane han nemner dette. Arne Odd er blitt fortalt at isolasjonen var so sårleg i fleire av hyttene, at dei nokre gongar fraus fast til veggen om natta. Hard fyring gjorde at det vart ein del kondens som fraus.

Dei brukte beina sine mykje, og det vert ofte nevnt at dei ordna på skoa eller bøtte strømper. Utover vinteren vart det for kaldt å vera ute med dei slitte skoa, derfor laga dei seg «luggar» for å halda varmen.

Det var ellers alltid noko å fiksa på av utstyret, og det er sjeldan at Peder nevner so mykje om at dei rett og slett kosar seg.

Men ein torsdag i byrjinga av september skriv han etter dei hadde ete bjørnebiff : *Da vi havde spist vasket Andersen op, og saa tok han ind Grammofonen saa nu har vi fin musik nu er det fire graders kulde.*

På Peder sin fødselsdag 22. september, skriv han mellom anna at Hansen hadde laga kaffikake til han og kokt sjokolade. So litt markering av andre dagar enn vanlege sundagar tok dei seg tid til.

Peder nevner ofte at dei åt, men sjeldan kva. Dette i motsetning til at han ofte nevner at dei drakk kaffi. Men til frukost og kveldsmat var det nok mest brød, og til middag var det ikkje mangel på variasjon av type dyr dei kunne velgja mellom.

Merkeleg nok nemner han aldri at dei åt snadd, noko som var svært vanleg blant fangfolka på Svalbard. Men so er også Grønland mykje meir rikt på dyreliv, so ein er ikkje so avhengig av snadden.

Etter kvart skaut dei også ender som vart ein del av menyen. Om dei hadde alkohol med, er usikkert. Han nevner det aldri.

Der må ha vore svært mykje hare i området. Og haren på Grønland er stor, so når dei ein

ettermiddag skaut 12 harar og 4 ryper, viser det at dei i alle fall ikkje lei noko matnaud.

I den bakteriefrie lufta vert det ikkje so mykje sveittelukt, og det var vanleg å gå lang tid utan å vaska seg.

Vi veit ikkje om 10. september er første gong dei vaskar seg og skiftar klede etter dei kom i land, men det er første gong det vert nevnt i dagboka. Eit halvt fat vart nytta til klesvasken, og Peder laga eit vaskebrett.

Sundagane tok dei det gjerne litt rolegare, dersom det ikkje var noko som måtte gjerast. Men ein liten felletur vart det gjerne. Dei må nødvendigvis hatt mange timar i lag i hyttene. Og nokre gongar MÅ dei ha vore ueinige, sjølv om dette aldri er nevnt.

Men om dei skulle verta leie av kvarandre, var dei heldige som hadde ein del bistasjonar å «stikke av» til.

Dermed unngjekk dei å gå oppå kvarandre heile tida. Når dei sjekka feller gjekk dei gjerne i kvar sine retningar frå hytta, og fekk kanskje under desse turane den dosen av «åleinetid» som var naudsynt.

Etter kvart sette dei ut fleire sjølvskotkasser for isbjørn. Til agn nytta dei selspekk. Det hadde byrja verta lange og mørke kveldar, og ikkje alltid like lett å skyta på bjørnen.

Fangstområdet ligg rundt 74 grader nord, som er på same breiddgrad som Bjørnøya. Mørketida, då sola er under horisonten heile døgeret, er på denne breiddgraden frå byrjinga av november til byrjinga av februar. Og deler av dagen under mørketida på 74 grader nord er skumring. Rundt juletider skriv Peder: *Nu har vi stridt halve mørketiden, de er ikke saa mørkt som jeg trode vi ser i dagen et par timmer.*

Når snøen kom og dei kunne bruke ski, var det lettare å gå ute. Men sjølve fangstturane vart ikkje nødvendigvis totalt sett lettare. Dei hadde mange stormar, og ofte kunne vinden blåsa ned

alle fellene, eller lage store skavlar ved dei slik at reven ikkje vart drept dersom han utløyste låsen. Det kunne vera bitande kaldt og strevsamt å halda fellene «operative». Etterkvart la også isen seg på fjorden, og dermed større sjansar for isbjørn. Dei fortsatte derfor å sette ut sjølvskotkasser for å kunne ta flest mogeleg av isbjørnane.

Isen gjorde også at dei kunne vitja det andre fangslaget som låg på Claveringsøya. Ein slik tur var ein ekspedisjon i seg sjølv, og dersom det byrja blåse opp når dei var midt ute på fjorden kunne det leda til farlege situasjonar; enten at ein mista retninga og «gjekk i ring», eller at fjordisen kunne bryta opp og ein dreiv utover med denne.

I midten av oktober vakna Peder ein gong av at revane, som dei hadde i fangenskap, gjødde. Utanfor hytta stod ein hund. Dei kjende ikkje til denne hunden, men tok den inn og gav han mat. Spora viste at den hadde kome over fjordisen. Dagen etter gjekk dei derfor innover fjorden for å legge att lapp til fangfolka som heldt til der, om at dei hadde funne ein hund. Det vart ei kald natt i den hytta før returnen: *Vi laa først i hver sin kopi, men da kl. var 3½ blev det saa koldt at vi stuet os i en kopi og den var saa trang at saa som vi laa saa maate vi ligge.*

Dei fann aldri ut av kven som eigentleg eigde denne hunden, og laga derfor ein slede slik at Sonja, som dei kalla den, kunne vera til nytte. Ein hund er også bra å ha for å varsle isbjørn. Og kanskje den også var bra å «snakke» med på lange turar åleine?

Etter kvart byrja «villreven» få vinterpels. Men dei 27 dei hadde i fangenskap var endå ikkje heilt klare til å verta flådd. Kannibalisme er kjent problem, og slik mista dei fleire av dei som var innestengt. Det vart derfor viktig etterkvart å slå i hel reven so fort den hadde fin nok pels.



Jørgen Furnes med isbjørn. Foto frå Peder Sulebak.

I tillegg til fellelemmar, var det på denne tida lovleg å nyttja sakser. Slike vart det også satt ut ein del av.

Isbjørnen byrja verta eit problem. Den slo gjerne sund sjølvskotkassene for å få tak i åtet, i staden for å utløysa skuddet. Eller geværet klikka når han drog i åtet.

Uansett ville sjølvsgaet isbjørnen sjekke ut alt som lukta godt, og det var gjerne også både kassa og geværet. Om geværet ikkje hadde fått gjort jobben sin, vart gjerne kassa slått til pinneved, og geværet øydelagt. Peder skriv ofte om at han fiksar på børsene om kveldane. Dette var tydlegvis hans ansvar.

Det vert ikkje nevnt at isbjørnen slår ned regefellene,- kun at det er vinden som kan ha blåst ned absolutt alle dei hadde ståande. Dei hadde truleg rype dynka med gift som agn, og ikkje selspekk som er hovudretten til isbjørn. I tillegg ruva kkje regefellene i landskapet som sjølvskotkassene, og dette kan også vera ein grunn til at dei fekk stå i fred. Isbjørnen går gjerne mot noko som stend opp i landskapet. Han er ein nysgjerrig skapning.

Under dei verste stormane på hausten vart det ein del inneliv. Men det virkar som dei tok det med stor ro: *Hansen har bakt brød. Andresen har vasket klær, og satt en nag under en sko, og*

nu spiller han gramofon, og danser med en tom kasse. Jeg har badet og byt om. Alt vel.

Etter kvart har dei tre karane ei dagleg arbeidsfordeling, der Peder og Andresen stort sett er dei som driv fangst, medan Hansen har hovudansvar for koking og baking. Men om nødvendig var det ikkje vanskeleg å trå til for kvarandre: *I dag har jeg koka middag for Hansen skar av sig en gnue naar han flaade blaa reven. Andresen har vasket gulv, jeg slog op brød for første gang og det gik bra.*

(Som nevnt tidlegare ville dei helst ta med blåreven heim levande, men denne døde då revehuset vart smadra av vinden).

Vi kan ane mellom linjene at dei var bekymra for kvarandre dersom dei ikkje kom heim til forventa tid. Men skriv i staden at det sikkert er bra med den som er ute. Erfaringa deira var nemleg at det kunne vera vanskeleg å halda seg på beina når det bles som verst, og er ein åleine når stormen kjem kunne det lett gå gale. Uveret kunne rase fleire dagar i strekk, og dei visste alle at det beste var å halda seg innandørs dersom ein først hadde komt seg til ei hytte.

Motsatt må det ha vore fantastisk roleg og stemningsfullt når ein i måneskin var ute i dette landskapet. Slike stemningar har ikkje Peder brukta mykje tid på å beskrive. Det går helst i faktaopplysningar. Som til dømes dette: *Vi saa idag en stjeerne som var lik en komet, men halen stod ret op, jeg har ikke set noget slikt før.*


Stemningar er vanskeleg å få ned på papiret, og ein må sikkert vera god forfattar for å kunne beskrive noko slikt. Men denne nesten overnaturlege stemninga ute åleine, er det som er sjølve «polarbasillen». Eit begrep som gjerne er litt utvaska i våre dagar.

Jul og nytt år

Jula vart feira på Elfsborg (Claveringsøya), hjå det andre fangstlaget. Dei drog over lisje julafcta

i minus 27 grader C. På sjølvaste julafta siterer eg frå dagboka: *Vindstille -28gr. I dag var Karlsbakk, Furnes og Andresen indover og skulde dra hjem noget kjøt, men det var saa meget sne at de maate legge det igjen. Sulabak og jeg var en tur bort over isen, og saa etter et selvskud. Sulabak kokte middag vi havde ribber av Muskus og de var feit, og god saa vi havde Julaften steik, vi holdt skiken som vi er vant til hjemme siden smakte vi paa fatigmenderne som de hadde laget, og de var ikke saa verst. Alt vel.*

Ikkje eit ord om dei heime.....Litt rart kanskje sidan han no visste at han hadde vorte far på ny. Kanskje han antydar litt lengt andre juledag, då han skriv: *Vi har havdt en hygelig jul efter omstendigheterne med fatigmender til kaffen.* Fjerde juledag gjekk dei heim over isen til Kap Herschel i tett snøkave.



Telegram til Anna jula 1927. Sendt frå Myggbukta

At det er nytår, vert ikkje nevnt med eit ord. Kun at dei hadde ein betre middag den 31. desember med svineribbe, sjokolade og småkaker. Stemninga er ikkje heilt på topp, då dei slit med kannibalisme blant revane, og er mykje plaga med isbjørn som øydelegg

sjølvskotkasser. Peder skriv at.....*det gaar ned over, istedet for at det skulde gaa op.*

Mykje uver og lite rev over lang tid er sjølvsagt lite oppmuntrande. Men karane er vande med slit, so kanskje denne mulige deppinga har si årsak i at dei eigentleg ville vore heime hjå familiene desse dagane?

Mot slutten av januar byrjar optimismen ta seg opp igjen. Peder får mellom anna skutt fire isbjørnar på ein dag (to binner med kvar sin unge). Og 27 januar får dei nyheiter heimanifrå av ein annan fangsmann: *I dag kom Gisvold og da fik vi høre hjemmen ifra baade gledelig og sorgelig nyheter, men det er ikke raad med det for far var nu gammel.*

Han skriv ikkje eit ord om kona og borna. Regelen var nok slik at dersom det ikkje vart nevnt noko spesielt, so var alt vel.

Den 2. februar ser dei sola igjen etter mørketida. Og med sola vart dagane lengre, og dei byrja utvida fangsterrenget. Det ser ut til at dette stort sett er med sakser og giftåte. Dei kan igjen skyta ryper og hare, og der er fleire isbjørn. Siste sundag i februar må det har vore ein særslig dag på Kap Herschell: *Vindstille -24gr. C. Vi holder helg, men iafthen har vi veret paa teater og hørt paa operasanger Hansen.*

Det er lyse dagar, dei besøker kvarandre oftare på dei ulike hyttene. Passar på at alle har nok brød, går på skitur,- i det heile tatt ser det ut til at dei har det veldig fint. Kan det også vera fordi dei no tenkjer at det snart er slutt på overvintringa, og at dei skal heim til sine kjære?

I mars er det temperaturar ned til -40 grader. Men at det er kaldt vert ikkje kommentert, kun at det er fint ver.

Eine bistasjonen er ei gamme. Denne har dei nytta heile vinteren, men no på våren er Peder og Andresen kvar si andre veke der.

Gammen var kald om natta, so då fraus dei heile natta dersom dei lot ovnen slukke. Og ikkje alltid heldt dei ut å bu der heile veka heller, før dei returnerte til Kap Herschell.

Etter kvart vert det litt mildare, men dei held seg bemerkelsesverdig mykje inne på hovudstasjonen.

Det gjekk ein gong over to veker utan at dei sjekkar fellene. Peder fortel mellom anna at han held på med ei lita ramme av bein. Han tenkjer kanskje det kan vera til eit bilet av den nye babyen? Og Hansen lagar sigarettmunnstykker.

Siste dag i april la dei ned revesfellene, då pelsen var byrja verta stygg. Resultatet av årets fangst var 39 salgbare reveskinn og nokre skinnbitar. Men isbjørnejakta fortsatte.

Peder skriv at Hansen laga to panner av blikk som dei skulle ha til neste år. Visste dei allereie no at dei skulle /måtte vera eit ekstra år? Andresen tok seg også ein tur til Claveringsøya for å snakke med dei andre om kva dei skulle gjera neste år. Hansen hadde bestemt seg for å vera med det andre fangstlaget dersom han ikkje reiste heim. Ergo måtte dei vita at det var ei moglegheit for å reisa heim.

Seinare skriv Peder at dei sonderer ut nye terrenget, *vis vi blir her*. Seinare skriv han at *jeg skulde ønske det var verdi i de stene som jeg fant saa vi kunde faa reise hjem i sommer.*

Sidan «Hird» ikkje var forsikra, hadde alle tapt mykje pengar. Dei var derfor avhengig av god fangst, for å ikkje vera heilt på bar bakke når dei kom heim. Dei steinane Peder skriv om, fann han nokre dagar tidlegare. Dei likna på diamantar, meinte han. Det var kanskje flotte kvartskrystallar han hadde funne? Men det var dessverre ikkje diamantar som kunne ha redda fangstutbyte.

Fangståret 1928 - 29

Etter det første året reiste August Hansen heim. Det er ikkje nevnt i dagboka kva tid dette hende, eller kva skute det var. Hansen hadde vore mykje heime på Kap Herschell under sesongen, og hadde kanskje ikkje heilt funne sin plass attmed dei andre?

Han var også einaste nordlending bland sunnmøringane (Andresen var frå nordnorge, men budd på Sunnmøre), noko som også spela inn?

Det virkar no som at dei er innforstått med at det vart eit ekstra år på Grønland utan først å vera heimom. Det er ikkje kommentert i dagboka med eit einaste ord, og det er litt merkeleg. Men so var ei fangstdagbok tradisjonelt sett heller ikkje ein stad der ein utbasonerte kjendslene sine.

Røbek og Andresen fortsatte å fangste på Kapp Herschell, medan Karlsbakk og Furnes fangsta i Germaniahamn, på ei øy nordaust for Wollaston Forland.

Sulebak låg på Jacksonøya som ligg sør for Claveringsøya.

Mennene sette opp fleire små hytter i eit utvida fangstområde. Dei er også innom vraket til «Hird» for å hente plank som fortsatt låg om bord, og riv også deler av andre hytter for å bruke på dei nye. I alt bygde dei sju nye hytter.


Førebuing til år nummer to

Fangsåret byrja ikkje særleg lukkeleg for Peder sin del, då hverken han eller Andresen fekk brev i ei postsending som hadde kome til Myggbukta i august. Men det einaste Peder fekk vita var at ein heime var sjuk. Han skriv ikkje kven det var. *Jeg er i daarlig humør nu men vil haap at det blir bedre. Det er ikke noget hyglig at gaa og tenke paa naar man vet at en av sine kjære hjemme er syk, og det at jeg ikke fik brevet som min kjære kone skrev.*

Sjølv om dei ikkje fekk breva sine, fekk dei litt ny forsyning til vinteren, mellom anna ost og

syltetøy. Og fangslaget hadde skaffa seg to fangstbåtar med motor. I tillegg fekk dei litt tobakk og sigarettar av nye fangsfolk som hadde kome til Grønland. *Neste aar desse tider vil jeg haap at vi er paa vei hjem til vaare kjære. Vis vi er frisk alle saa blir det hugelig, og vi finder vaare kjære der hjemme ogsaa frisk.*

Det er tydeleg å lesa at her sleit han med ein del heimlengt,- og bekymring for korleis det var med dei heime.



Peder på Kap Herschell

Fangstlivet og det dageleg virket

Dei byrja som året før med å fanga rev levande. Laga felle lemmar, fiksa skoa, skyt mykje rype og hare,- og gjer terrenget klart for fangst. Og allereie i slutten av september får dei den første isbjørnen. Men det var svært mykje sommaris i fjorden som gjorde at det var vanskeleg å frakte utsyr sjøvegen for å dekke heile området.

Dei syr seg komagar. Det er tydeleg at fottøyet er svært viktig, og med temperaturar ned til -40

grader året før, vil dei vera førebudd på slike temperaturar også dette året. Dei starta med to hundar, Bamse og Sonja. Men Bamse fekk i seg gift i midten av november, og dei greidde ikkje redde han trass i at dei helte i han mykje fløte.

Det er også dette året ein del snø, og revefellene fyk lett ned. I oktober skriv Peder at han fekk ein røiskatt. Det er første gong dette dyret er nevnt, men han skriv at røiskatten er aldeles umogeleg, då den et opp åtet i fellene utan at han vert fanga. Det virkar også som det var fleire revar dette året, då han skriv kvar dag han er ute om nye revar i fellene. Men dei er endå meir plaga av kannibalisme, og ein tur var 6 av 8 rev delvis oppetne. Peder antydar også at det muligens er røiskatten og ravnen som et på dei døde revane. Ein gong er den ellers so sindige Peder so mektig irritert på dette at han skriv:*der fik jeg en rev, men den var op spist. Jeg bante Ravnsvinet. Havde jeg hat en levend så skulde jeg revet den sund levend.*

Dette var ein svært følelseslada måte å uttrykke seg på som han ikkje hadde gjort før i dagboka. Ein annan gong skriv han *den helvedes ravnen.*

Dei viste aldri kva tid dei fekk besøk. Og derfor la dei alltid klar brev eller telegrammer på bordet i hytta, dersom nokon kom innom. Den 14. november nevner han at dei hadde skreve juletelegrammer som ein hadde teke med. Året før var dette ikke nevnt. Men i det store og heile skriv Peder mindre i dagboka dette året, sjølv om han skriv kvar dag.

Det er stort sett berre opplysningar om temperatur og fangst,- og kva tid dei bakar brød. Men av og til kjem det ei litt lenger historie, som syner for eit tøfft liv dei eigentleg levde og som dei ikkje gjorde noko stort nummer av men som lett kunne enda Peder sitt liv:

Jeg kjørte idag tidlig fra KM (Kapp Mary) over til Hersell. Det var mange vaker på isen så det var vanskelig at komme frem med lasset, jeg

havde et Bjørneskind med også. Da jeg var kommen mitveis traf jeg en vakke med ny is og den var så dårlig at jeg holdt på å gå igjennem. Jeg sprang på alle fire for at ikke hele tyngden skuld bli bare på en fot. Men alikevel var jeg gjennem med en fot, og isen gik som en bølge under mig, men det var ikke råd at snu, og det gik bra.

Desember og jul for andre gong

Tidleg i desember gjekk Peder lens for tobakk. Han prøvde leite opp gamle sneipar i hytta, men det var ikkje lett å finne. Og etter nokre dagar skriv han: *Storm og snefokk. I dag har det hvert en trist dag. Ikke fåt fyrt i ovnen, for den slo bare ned. Og ikke en røk at hygge sig med. Så det er et misjonslaust liv.*

Ikkje lenge etter fann dei ut at dei måtte oppsøke andre fangstfolk for å bomme tobakk.

Nokre dagar før jul skriv Peder at han skulle ynskja han var heime. Det er eldste dottera Hansine som fyller 11 år, og han lengtar heim. Peder gjekk til Sulebak på Jacksonøya for å feira jul. Han kom dit lisje julafta: *Nu i aften har vi pratet om alt.*


Men han skriv ikkje kva det betyr. Uansett virka det som at Peder gjekk særskilt godt overeins både med Andresen som han fangsta attmed, og Sulebak.

Sjølv julafta skriv han ikkje noko om feiring, kun dagleg arbeid ved stasjonen. Og han kommenterer at stormen har teke livet av fleire av dei levande revane dei har i fangenskap.

I slutten av januar kom Rudi og var hjå dei om lag ei veke. Han hadde med juletelegram, og dei fekk breva som dei skulle fått hausten før. Han kommenterer Rudi som ein koseleg kar, og at dei prata til langt på natt.

Peder skriv også at Rudi lærte han om tilstelning av fangsten. Etter at Rudi er reist, les Peder brevet heimanfrå fleire gongar. Det er tydeleg

stor stas med nytt heimanfrå. Ikkje før i april nevner han familien igjen, og denne gonge



Dette er telegrammet til Anna jula 1928. Telegrammet er datert 1929, men den jula var ikkje Peder på Grønland. Vi ser av andre telegram at dei også er datert året som kjem.

uttrykker han direkte at han lengtar: *Idag er det 12 år siden jeg var gift der er rart vor tiden går. Nu har vi snart hvert her i to år. Det skal bli kjekt at komme hjem til våre kjære.*

I august same året vart dei henta heim av med «Veslekari». Med i lasten hadde dei det imponerande resultatet av to års fangsting; 309 kvitrev, 39 blårev, 40 isbjørn, 30 Røyskatt, 2 levende isbjørnunar, 2 levande blårev, 2 levande kvitrev, 9 kvalross, 34 moskusskinn, 2 levande moskuskalvar pluss ein del selskinn.

Dette lova godt. Til å selgja lasten, fekk dei ein som skulle vera spesialist på slikt. Han solgte berre halve fangsten første året, då han meinte prisane ville stige seinare. Men det var det motsatte som skjedde, so fortanest vart ikkje optimal.

Om bord i «Veslekari» vart dei kjent med Odd Åmbakk frå Ørsta. Odd vart nok imponert over fangsten, og ytra eit sterkt ynskje om å vera med til Grønland eit anna år.



Dei vart henta med Veslekari. Foto frå Peder Sulebak.

Ekspedisjonen 1930 - 31

Etter eit år heime på Sunnmøre, rusta dei ut til ny ekspedisjon. I tillegg til Peder, var også tre andre frå dei foregåande åra med: Jonas Karlsbakk, Peder Sulebak og Hermann Andresen. Og Odd Åmbakk. Sjette hjul på vogna var 17 år gamle Knut Røbek, nevøen til Peder.



I finaste stasen før avreise Grønland. Knut Røbek, Hermann Andersen og Peder Røbek. (avisutklipp)

Denne gongen var ekspedisjonen støtta av den norske stat med 10 000 kroner i samråd med

Ishavsrådet og Norges Svalbard- og Ishavssundersøkelser.

Bakgrunnen for støtta var at dei skulle sette opp hytter og annektere nytt land.

Utvidelse av dei allereie annekterte områda og fortsatt høg markering av norsk aktivitet på Aust-Grønland, ville ha betydning for dei uavklarte suverenitetsforholda.

Grønlandssaka, som den vart kalla, går vi ikkje nærmare inn på her. Men alle var klar over situasjonen, sjølv om det ikkje skin gjennom i dagboka til Peder. Muligens var det fordi dei fekk ordre om at dette skulle vera eit «vanleg» fangstår som ein naturleg fortsettelse av norske fangstradisjonar i området.

«Veslekari» reiste frå Ålesund i juli 1930. Om bord var ikkje berre mannskap og fangsfolk, men mange vitskapsfolk og målaren Dagfinn Werenskiold.

Det var ikkje uvanleg å ha med ein kunstmålар på arktiske ekspedisjonar i den tida.

Ti dagar etter gjer Peder sine første notater i dagboka. Han er igjen på Kap Herschell og har også denne gongen selskap av Andresen og fire hundar. Den eine hunden fekk denne dagen fem kvalpar, so totalt hadde dei ni hundar. Andresen og Peder kjende kvarandre godt frå dei foregåande åra, og hadde tydlegvis ikkje gått lei av kvarandre.

Nevøen Knut skulle fangste attmed Sulebak inne i Kong Oscarsfjord. Dei to siste fangstfolka skulle ligge mykje lenger sør, i Antarctichamn i Scoresbysund.

Hytter og fangst

Først fiksa dei innvendig på hytta på Kap Herschell. Deretter bygde dei hytte der gammen stod, då denne var dårlig overnattingsplass på vinteren. Og dei planla også å bygge andre hytter.

Trass den politiske situasjonen, hadde dei ein del omgang med danskane som også dreiv



Det var rikt hundeliv på Kap Herschell dette året

fangst i området. Dei brukte kvarandre sine hytter, og hjalp kvarandre dersom det var naudsynt.

Dette er eit kjent fenomen, at når ein lever under tøffe forhold der ein må jobbe hardt for å overleve,- so er alle andre viderverdigheiter uvesentlege.

Ein dag i august dreg dei (med fangstbåten) til vraket av «Hird» for å hente oljefat som fortsatt var om bord. Båten var eit trist syn. *De havde revet av rorhuset og saget av mesanmasten og reve i stykker alt som de kunde få løst.*

«De» i denne samanheng, reknar vi med er danskane. Fangstbåten hadde dei forresten mykje trøbbel med, då motoren slo seg vrang fleire gongar i løpet av sommaren. Ofte måtte dei enten sette segl (eit gammalt telt) eller ro for å koma seg heim.

Ein gong rodde dei kontinuerleg i 13 ½ time, og då skriv Peder at dei ikkje berre var såre i hendene, men *alle steds*. Og kroppen føltes som den skulle gått igjennom i maskjin.

Det er tydeleg at Peder tek oppdraget med utvidelse av området og byggja nye hytter med det største alvor. Han er full av energi, og skriv om eine hytta etter den andre som han setter opp,- stadig i nytt terreng. Det nordlegaste

området han nemner dei setter opp hytte er Kuhnøya.

Moskusen virkar vera meir tallrik dette året, og Peder skyt ofte fleire dyr på ein dag. Men han skyt aldri meir enn dei treng, sjølv om det skal leggast opp hundemat ved kvar hytte. Hundane et gjerne surt kjøt (kanskje helst surt...), so det gjer ingenting at frosten ikkje er komen.



Moskus vart tatt i rikt monn.

Dei samlar ein del drivved, og sleper også til land tømmer som flyt i fjorden. Tømmeret må liggja lang tid på land før det eventuelt kan nyttast til ved. Men Peder trengde nok store stokkar også til andre ting enn ved. I tillegg til ved, har dei kol og primus til oppvarming og matlagning.

Det går lenge før han nemner i dagboka at dei førebur rev- og isbjørnfangst til vinteren. Hyttebygginga har tydlegvis vore førsteprioritet.

Men i byrjinga av september skriv han at dei smir låsepinnar, og i slutten av månaden at dei jobbar med sjølvskot. Men muligens ligg sjølvskotkassene og eventuelt felle lemmane, like fine som dei forlot dei i det gamle terrenget. I det utvida terrenget, har dei nok tenkt å bruke hundane til å frakte feller og kasser. I alle fall skriv han at dei setter opp sjølvskotkasser

nordover før snøen har lagt seg, so det må vera slike som har ligge der.

Peder setter opp *tre levende kasser* for å sjekke om reven er «ferdig pelsa». Men dette året har dei ingen planar om å ha levande rev i fangenskap for å venta til pelsen er klar. Erfaringane frå tidlegare var blanda, då dei mista for mange rev under fangenskapet av diverse årsaker (bitt, kannibalisme,...).

Meininga var å få hjelp av og nytta hundane under fangsten. Og i oktober er Peder ute og trenar på å køyra dei. Hundekøyring var nytt for Peder, so han sleit ein del til å byrja med: *Jeg var en tur med hundene som jeg skal ha i vinter men de var vrangle til å få til. Men det blir snart bra når vi begynder og kjører med dem.*

Etterkvart meistra dei dette, og brukte hundane heile tida under fangsten. Men det ser ut til at dei ikkje køyrd med store spann,- Peder nemner i alle fall at han køyrd med to hundar, Ulv og Jumbo. Han måtte ofte bruke pisken, men skriv at dei lærde etterkvart å lystre.

Når isen var dårleg, hende det at sleden gjekk heilt under so alt vart vått. Hundane har god evne til å vita kva tid det er trygt å ferdast på isen,- men dei kan sjølvsagt ikkje vita vekta på sleden.

Det daglege livet på seinhausten er førebuingar til jakt og fangst. Og det går i pinne-spikking, feste åte på pinnar, sette opp slagfeller osv.

I tillegg går dei ofte på rype- og harejakt. I dei andre dagbøkene nemnde ikkje Peder kva dei gjorde med mat som IKKJE skulle fryse. Men her gjer han det: *Jeg har arbeidet en kasse som jeg skal ha på sleden, og så laget en kasse ind i huset som vi skal ha fløiten i og pakke senegræs runt så den ikke skal fryse medes vi er ute.*

Reknar med at dei i tillegg måtte ha nokre kolbitar i ovnen også, dersom det ikkje skulle verta altfor mange kuldegrader inne.

Peder får ut ein del frustrasjon i dagboka når han har nokre dårlige dagar. Dette er veldig ulikt dagboka frå forrige ekspedisjon. Går det eit par dagar utan at der er rev i fellene, uttrykker han seg som om det meste går nedover. *Det ser ut som det er sammensvore alt i år mot mig, det begynte dårlig og det ser ut til at det vil forsete også.*

Ein laurdag i midten av november skriv han også om lengt heim: *Den som kunde se hjem til sine kjære hvordan de har det, vil håpe de er friske alle sammen og har det godt.*

Ikkje utenkeleg at kona Anna ikkje hadde vore veldig begeistra over at han på ny reiste til Grønland, medan ho var åleine med fire små born. Det at ho bar eit stort ansvar åleine, er det naturleg at Peder tenkte ein del på.

Berre nokre dagar seinare sit han igjen verfast og tenkjer på dei heime. Sist han overvintra, døydde faren. *Så jeg går med en frykt at det skal bli noget nu igjen. Men tankerne er ikke god at få vek, vil håpe det er bare bra med alle mine kjære der hjemme, at de har det bra.*


Jul og ny vår på Kap Herschell

Fangsten går trådt, sjølv om dei no dekkjer større områder takka vera hundane og fleire hytter. Det er mykje uver, og dei kan vera verfaste i fleire dagar. Peder dekker ei strekning på rundt 300 km som det tek om lag tre veker å kome over. So dei er mykje åleine. Sjølve julafesta er dei på Kap Herschell:

Vestlig bris -24 gr. Andresen har vasket gulv og forskjeligt og badet, og ornet juletreeat. Jeg har badet og kokt vi havde stek og krem, så vi har det hyggelig. Men jeg skulde ønske jeg var hjemme med mine kjære i Norge. Det er mange slags tanker som kommer når en ikke vet hvordan det er med de man har kjær.

Men jeg vil håpe de får hvere friske alle sammen og da går tiden fort. Vi har havt en lang stygge veir bokt nu, men nu ser det ut forat det blir bra

veir igjen, og så har nu solen vent så det blir snart lyse dager igjen. Ja vi har nu snart strevet forbi første mørketiden, vi har ikke havt forbindelse med våre kamerater siden vi skjildes da vi kom hit op. Men en av oss kommer antagelig til at kjøre og besøke dem etter fangsttiden er slut i vår. Vi er friske og alt vel her.



Telegram heim jula 1930

Våren gjekk greit for ekspedisjonen. Peder rapporterer dagleg om veret, hundane, forfrysninger og føre. Og det skal lite til før han irriterer seg. Som då han fann ut at juletelegrammet ikkje hadde vorte sendt frå Myggbukta,- då kalla han dei ansvarlege for å levera telegrammet dit for gørslyer og at dei ikkje var «nogen fangstfolk».

Og han irriterer seg naturleg nok over danskar som er på besøk og let hundane skite inne..... I tillegg viste det seg at danskane hadde rappa nokre av åta til nordmennene, og Peder skriv at det vert krig dersom dei ikkje sluttar med det.

Først i mars får Peder nytt om nevøen Knut. Han får vite at dei (Sulebak og Knut) ligg i Oscarsfjord, og at ingen hadde hatt kontakt med dei sidan dei vart satt i land sommaren året før. Men Peder er i alle fall glad for at han no veit kvar dei er.

Sommaren 1931 reiste Peder heim. Men basert på det han skreiv julalta, hadde han i utgangspunktet tenkt å vera begge åra. Siste dag i mai skriv han også om at dei skal ha fem hundar kvar neste år, og då skal det verta betre.

Men når so «Polarbjørn» endeleg kjem til stasjonen i slutten av juli, og dei får brev heimanifrå, so ser det ut som Peder der og då bestemmer seg for å ikkje ta ein vinter til .



Polarbjørn (Ishavsmuseet Aarvak arkiv)

Etterord om Knut Røbek

Andre året av denne ekspedisjonen var Knut på Kap Herschell attmed Andresen. Andresen og Peder hadde fangsta i lag i lang tid, og Andresen ville muligens derfor gjerne overvintra attmed Knut, då han sikkert rekna med han var av same Røbekkulla.

Andresen hadde sikkert også høyrt positive ord om ungdomen Knut frå Sulebak og valde derfor å liggja på fangst med han.

Det er skreve litt ulikt om kva som hende denne vinteren Knut døde. Men i boka til Peter Schmidt Mikkelsen om «Nordøst-Grønland 1908 – 60» referer han frå dagboka til Andresen som budde attmed Knut Røbek.

I oktober 1931 drog dei to fangsmennene frå hytta i kvar si retning for å sjekke feller. Då

Andresen kjem attende til hytta i slutten av november, tenkjer han at Knut sikkert har vore innom, men reist ut igjen. Når han so neste gong kjem attende til Kap Herschell rett før jul, er det tydeleg at Knut ikkje har vore innom.

Andresen byrja då leita etter han, og drog frå hytte til hytte. Men ingen livsteikn, før han i ei hytte fann ein lapp frå Knut der det mellom anna stod: *Jeg kom fra Jacksonøyen og hit. Når eg kom hit hadde eg ingen mat igjen så eg spiste op havregryna di. Jeg har ikke fåt hiot nogen proviant ennu. Jeg vet ikke om vi kjører til Myggbukta til jul. Dersom eg ikke treffer dig so får du ha en god jul. Venlig hilsen Røbek.*

Først langt ut på nyåret, då fjordisen gjekk opp, oppdaga dei liket og hundane fastfrosne i eit isflak. Dei måtte vente til lengre ute på sommaren, før Andresen og Sulebak fekk hogge laus liket.

Kroppen var vikla inn i sledetau og hundesledar. Teorien er at han har gått framføre hundane for å få dei til å gå. Men hundane har vore vanskelege og nekta å fortsetja, då dei muligens har sensa at isen ikkje var trygg nok? Dermed har braduljene oppstått.



*Kista til Knut ved Kap Herschell august 1932.
Foto frå Peder Sulebak.*

Arne Odd fortel at det vart sjeldan snakka om Knut i heimen, eller i familien for den del, då han vaks opp. Dette var tydlegvis ei vond episode både for Peder, som Knut hadde vore med på si første overvintring,- og for faren Petter som var i området for å fiske laks sommaren før.

Om faren faktisk fekk møte sonen den sommaren, har vi ikkje klart å finna ut av. Men det er rimeleg å tru at dei møtte kvarandre. Det at familien kjende på ei stor sorg og mange også kanskje litt skuld i å la ungguten få lov til å reisa til so barske forhold som på Aust Grønland, gjorde nok at dette nesten var eit «ikkje-tema». Knut vart først gravlagt på Kap Herschell. Sommaren 1932 vart grava flytta til Borgund Kirkegård ved Ålesund.



Dimo AS – Hydraulikspesialisten

Vil tilbyr service på hydraulisk utstyr og gjennom vårt Serviceteam står vi til teneste 24/7.

Reparasjon og service av sylinderar. Som Parker Distributør har vi stort utval av slangar, fittings, motorar, pumper og filter.

Dimo er forhandlar av HS Marine kraner – kvalitets kraner for marine bruk.

Tlf. + 47 70 03 99 00
E-post: office@dimo.no
www.dimo.no

 **DIMO**

Gode Polarstar venner!

Av Willy Nessel

Det er tid for å sende dykk alle ei lita julehelsing frå Polarstar

Tida går veldig fort, altfor fort, denne jula her er det seks år sidan oss stima ut frå Hareid med kurs for Stettin Polen, for renovering av skuta, og skuta var der nede i tre og eit halvt år. Den som har fylgt med dette, veit for ein uvurderleg jobb desse folka i Polen gjorde for skuta.



Januar 2014, ikkje mykje som sa oss at dette skulle verte eit enkelt prosjekt! Foto Willy Nessel

Det er to og eit halvt år sia oss kom heim, til ein ugløyande draumedag i august 2017 og det er halvanna år sidan oss feira at skuta er 70 år gammal med stor fest på Ishavsmuseet. Noregs første selfangar i stål byrja verte ei vaksen dame, som held seg godt!

Og Ishavets Grand Old Lady er no ute på nye eventyr. I midten av juni i år gjekk skuta nordover til Tromsø, med lokalt mannskap her frå Brandal og Sunnmøre, og skal ha hovudbase der dei neste tre åra i alle fall, kanskje endå lengre.



Innspurten i Stettin sommaren 2017. Foto Willy



Heime på Brandal august 2017. Foto Steffen Kvalsund

Oss håper dette vil gje skuta gode år, det høyrest og ser ut til at charterselskapet der oppe passar godt på skuta. Eg veit den har hatt sine turar rundt om i området der nord, forhåpentlegvis vert det mange turar langs norske kysten. Og dersom alt går som planlagt og oss har håp om, så vert ho å sjå oppe på Svalbard når det snart vårust. Eg kan berre ynskje dei lukke til i alt dette, og alle dokke som les dette må hjelpe meg fylge med og gle dokke over at skuta har fått eit nytt liv.



På tur i Nord-Noreg hausten 2019.

Eg torer seie det, det er nesten eit mirakel at den igjen kan sjåast langs kysten her, og at oss i det heile makta få den i standsmessig stand. Takka vere mine folk i Polen, Riksantikvaren, NMD, alle mine medhjelparar og frivillige, alle gode gjevarar og naturlegvis også Ishavsmuseet Aarvak, vart dette eit prosjekt oss alle kan vere stolte av. Jammen var det stunder eg tvilte. Men stirrigheit og vilje kan vere til god hjelp.

Eg har gjennom desse åra prøvt å takke og nemne dei som har stått på for å få skuta i den stand den er no. Utan alle desse eldsjelene hadde dette aldri gått bra. Tenk på alle som har vore med å bidrege om bord! Dessverre er der nokre som har gått bort i denne perioden, som så absolutt burde ha fått vore med på dette eventyret.

Der er nokre som har kome til no gjennom 2019, som eg gjerne også vil nemne her. Johan Veiseth må eg etter ein gong nemne, med gode råd og assistanse om bord har han gjort uvurderleg innsats for dette prosjektet. Han har vore med frå første stund, og er endå levande oppteken av skuta.

Vidare må det nemnast at Hareid Rør og Interiør, med Johnny Holstad i spissen, har bidrege mykje med deler og utstyr som vi trengde om bord. Når rekninga skulle setjast opp



“Polarstar” I Tromsø hamn hausten 2019. Foto Webjørn Landmark

no i haust, protesterte han og gav skuta alt i hop! Så skal Viking Norsafe i Ålesund nemnast. Dei har verkeleg bidrege oss med gode løysingar, gåver og utstyr som har hjelpt oss mykje. Sjefen Terje Olsen der har vore heilt fantastisk med oss. Og no i haust når vi måtte gjere noko med dei 9 redningsdrakter som er om bord, så var det ja med ein gong då oss spurde Island Offshore i Ulsteinvik om litt draghjelp. Takk til dei for rask og god hjelp!

Så kan eg ikkje unngå å nemne ein spesiell kar, Torsten Hohfeld, som har lagt igjen utallige timer om bord med å fikse rør, sanitær og alt som har med slikt å gjøre. Eg torer ikkje tenkje på kor mykje han ha gjort om bord, stor takk skal denne karen ha, ein arbeidskar av dei sjeldne, som eg er gla for å få kalle min svigerson.

Det kan og vere at eg har gløymt nemne Tor Mork, som har gjort diverse snikkararbeid om bord. Og gjerne også vår nye Ordførar Bernt Brandal som med sine folk har hjelpt til med div. malararbeid om bord, gjennom opplagstida i Brandal.

Den godaste Jens Peder Brandal skal også nemnast, som har hjelpt til med framskaffing av eldre dokumentasjon. Dette har han tolmodig leita etter i dei gamle arkiva som finnест om Polarstar ved museet i Brandal.

Ein som og har stilt opp mykje for meg no etter skuta kom heim, er den gode herøyværing Bjørn Endresen. Det er godt å ha proffe gutar blant seg! Tusen takk til alle desse eg har nemnt her, og til alle andre!

Det er lett å gløyme nokon gjennom alle desse åra, finn eg ut at det er nokon fleire som burde ha vore nemnt, så vil nok Isflaket gje meg meir plass her mellom permane til å få takke ved seinare høve.

Det har vore ei lang reise, som starta i 2007 faktisk, og det skulle gå tolv harde lange seige år før den no altså igjen seglar på nye eventyr. La oss håpe vi har valt rette folka til å la denne skuta få sine opplevingar, slik vår stolte gamle dame fortener.

Til slutt ynskjer eg dykk alle ei God Jul og eit Godt Nytt År, og som sagt, takk for at du har stilt opp for skuta, og vore til positiv hjelp for dette prosjektet. Eg set stor pris på alle henvendingar, alle gode ord og alle som kjem til meg med gode råd og opplysningar.

Og hugs, besøk Ishavsmuseet i Brandal, det fortener dei der ute i ishavsbygda!

Beste helsing
Willy Nessel



VS Poland Sp. z o.o.

Tlf nr 95070668

Stålkonstruksjoner - Aluminium produksjon - Konstruksjoner rustfritt stål

- PE produksjon - skrog - seksjoner - alle type konstruksjoner - sport /fritid - trykksaker

Teknisk support - kjøp/salg - import/eksport - crewing

NEW-FOUNDLANDSTUR 1964 MED «POLARBJØRN».

Av Bjarne Harald Brobakk

Det var store forventninger til fangstsesongen da prisene på selskinn og spekk var på ett toppnivå året før.

Jeg hadde avtalt plass da jeg forlot skuta sist i november høsten før. På nyåret ringte jeg skipper Henrik Marø, «Rikken», og ønsket godt nyttår og fikk tilbakemelding «godt år».

Jeg ba også om plass for en skolekamerat, Knut Harald Hanssen, nettopp fylt 17 år, men Marø kremtet litt nølende, han hadde nok forventet vante fangstfolk da det var utsikter for en god tur og lott.

Jeg poengterte da at han var en stor, kraftig kar, og hadde kjøpt sprit på polet fra 16-årsalderen. Resultatet var at han kunne komme sammen med oss.



Henrik «Rikken» Marø. Foto fra Bjarne Harald Brobakk

Knut Harald ble en god fangstmann og fikk mange turer med «Rikken» på «Polarbjørn». Alfred Mathisen ble med også dette året. Helge Gjerde ble hyrt som fangstmann. Vi ble 4 fra indre Balsfjord.

«Polaris», med skipper Petter Brandal, «litje-Petter», hyrte 4 fangstmenn, kokk og messegutt. Olaf Lundmo, Odd Engen, Marinus Dalhaug og Andreas Jetmund Hanssen, også de fra indre Balsfjord.

«Polarhav» hadde en fangstmann, Halvard Martin Moen, som var med der i mange år. Både «Polaris» og «Polarbjørn» hadde hatt mange fangstfolk fra indre Balsfjord. «Polaris» fra den var ny først på 50-tallet, og «Polarbjørn» fra 1957, da den fikk dette populære og kjente navnet. Olaf Moen, fra Seljelvnes, var med der fra 1957-62.

Halfdan Hansen, opprinnelig fra Markenes i indre Balsfjord var Rieber-seiler og tilhørte «Kvitfjell», men i 1962 var han for sen å melde seg der ombord, og de var fulltegnet.

Halfdan ringte da Arnljot Brandal på «Polaris». De manglet 4 fangstfolk, så han fikk i oppdrag å ordne 3 mann til.

Han fikk med Jim Karlsen i nabologatet, Mindor Mikalsen i Hølen og til slutt 4. mann, Hans Løvli, (prosten) fra Sørkjosen. Hans var en knapp generasjon eldre enn de andre og noe kvestet fra et hardt liv på banklinefiske høst og vinter og med mange turer på de gamle treskutene i Vesterisen.

Da han fikk beskjed fra Halfdan om hyre på «Polaris», en moderne stålfanger, til hovedfeltet New Foundland spurte han til slutt: «Sa du at jeg halter litt?» Gunnar Olsborg var flyttet til Ørsta tidligere og var hyret som fangstmann derfra.

Vi ble et reisefølge på 9 mann. Kokken, Magnus Olsen, og messegutten, Jan Bernt Øverli, til «Polaris» var reist i forveien.



Frå v. Odd Engen, Halvard Martin Møen og Marinus Dalhaug. Foto frå Knut Harald Hansen.

Halvard Martin utropte seg selv som reiseleder. På Ølhallen i Tromsø ble Halvard Martin litt trøtt og hang med hodet i bordplata. Resultatet ble at han ble kasta ut og ropte til oss da han passerte ytterdøra: «Nå får dere klare dere selv». Vi kom oss ombord i hurtigruta sent på kvelden. På turen sørover ble det god omsetning på hansaølet ombord i Bergenske.

Da vi ankom Ålesund, hadde vi tilbakelagt 1/2 newfoundlandsoverseiling i bra vintervær. Vi kom oss ombord og ble mønstra alle 4, det ble fort uttrykt angående politikk fra de konservative sunnmøringeran, «æ e i A æ å». Alfred var engasjert i kommunepolitikk og representerte arbeiderpartiet, så det hadde vel sin mening.

Knut Harald kunne med stolthet si at han var kommet på sine forfedres hjemtrakter, da hans oldefar, Andreas Jetmundsen, var fra gården Liavaag i Hjørungavågen, som han forlot tidlig på 1850-tallet.

Mannskapet var stort sett de samme som året før, eller hadde vært med skuta tidligere.



Frå h. (ståande) Olaf Lundmo, Odd Engen, Andreas J. Hansen. Foto frå Knut Harald Hansen.

Ny andreskytter, Kåre Frøland fra Hjørundfjord. Han hadde mange turer med rederiets båter tidligere.

Andre faste fangstfolk fra Hjørundfjord var Edvard Hole og Kåre Viddal. Bjørn Bjørdal fra Ørsta og Roald Otterlei fra Brattvåg var vante fangstfolk fra tidligere turer. Ellers de samme faste skyttere og maskinfolk.

Rusting og klargjøring gikk greit, det kom nye og større flåarkniver, og oppslag i messa med tegning av skinn fra unger, hvor spelen og snuten skulle være med for å markere rett flådd lengde på skinnene. Vrakerne var nøyne på dette. Vi fikk også ombord 3 fat antigul for smøring av skinnene på blueback, klappmus og svartunger. Det var noen som brukte solar til å smøre skinnene med, med samme resultat, ble det påstått.

Vi hadde bestemt avgang 1. mars fra Brandal, men ble ikke ferdig før dagen etter på formiddagen. Det var da bare tida og seilasen. Det var strekt opp ei taulina fra overbygget der leideren gikk opp til galgedekk, og frem til



NF 1964 Roar Otterlei og Bjarne Brobakk. Foto fra Bjarne Harald Brobakk

kappa under bakken for å springe etter og holde i ved dårlig vær.

Det var instruks om å samle seg og gi signal, så ikke en og en sprang i eningen. Vakthavende navigatør slakket opp og la på været og alle sprang over samla, frivakta frem og vakta bakover. Ingen ville vel ha ei bløyte i Nord-Atlanteren. Det skulle vel bli bading nok senere før turen var over.

Da vi kom ut i Eggakanten etter lunsj på 12-4 vakta, rullet det en tung dønning fra nordvest. Det kom en undervannsdønning som slo inn i skutesida, toppet seg opp og slo inn i akterskipet uten å gjøre noen skade, men det ble fort folksomt i rorhuset.

De ville vite hva som hadde skjedd. Overseilinga ellers ble værmessig bra.

Da vi hadde passert Kapp Farvel og nærmet oss isen, kom en kald nordvestkuling fra Labrador og temperaturen falt, men det ble ikke så mye sjø at vi iset noe særlig. Vi ankom isen og gjorde fangstklart og kom sammen med «Jan Mayen» kvelden før fangststart. Kastet var lokalisert med fly dagen i forveien. Isen tetna til og vi ble fast, «Jan Mayen» fortsatte.



“Jan Mayen” med is på stag og bru på veg til Newfoundland. Ukjent årstal.

Kastet var øst for Belle Isle og det var mye og tung is det året. Kastet var spredt i ubrekke, store florer, og skuta kom ikke inn, så det ble mye gåing.

Vi var utstyrt med en matpakke i hver bukselomme. Johan Laurits Brandal hadde en stor hjemmesydd rompetaske av skinn som var full av matpakker, som vi skiftet om å bære.


Vi hadde også med bambusstenger med flagg merket PB. På grunn av snøfokk og drev la vi også skinn med spekket opp på de høyeste knultrene.

Vi arbeidet hardt og flådde og dro i dunger og merket med flagg.

Det var mye snø på isen, $\div 20^\circ$ og kaldere, nordlig vind med snøbyger hver dag med storm i kastene, så det var om å gjøre å arbeide med ryggen mot vinden.

Var det storm fra morgenens av, venta vi med å gå ut. Var vi først kommet på isen og det ble storm og snekav, var det bare å fortsette.

Kastet var spredt og det var ingen andre skuter i nærheten, så vi slapp å krike om å sette flagg på fløyene. Etter 4-5 døgn kom det dønning og braut opp isen. Skuta kom inn, og vi fikk jolla det meste av fangsten ombord.



Polarbjørn NFL 1964 fr.v Helge Gjerde, Knut H Hansen, Alfred Mathisen alle Storsteinnes. Foto fra Bjarne Harald Brobakk.

Etter dette seig isen utover, og med den snømengden og de løse kantene som det da ble, var det perfekte badeforhold og mange fikk seg en ufrivillig dukkert, men da var skuta i nærheten med muligheter for tørre klær.

Det var 2 norske skuter mer enn året før, «Nordsel» og «Sel». «Polarhav» og «Nordsel» hadde med helikopter. Helikopter ble vurdert som et effektivt hjelpemiddel, spesielt i kvitungfangsten. Fly frem og lokalisere hvor selkastet var tatt, og hvor det var best fremkommelighet for skuta. Det var også mulig å fly fram fangstfolk til kastet og ta skinn i retur til skuta.

Rederibåtene hadde hvis mulig ordre fra PK (Petter Karlsen) om å dra nytte av helikopteret ved lokalisering av kastet. Det var mye prat ombord om helikopteret og mange som forventet at helikopteret fra «Polarhav» skulle komme og lande ved siden av oss med posisjoner av kastet.

«Nordsel» hadde vært i gulfen sammen med «Polarstar», der fangsten starta 5. mars, men var på østsida til fangststart 10. mars.



“Polarhav” med helikopter på akterdekk, Newfoundland 1964. Foto fra Bjarne Harald Brobakk.

«Kyle» (kolloksen) kom ikke ut dette året, de hadde vel brukt opp kullkvota. Det kom en stor lastebåt, «JF Mc. Donald» til fangstfeltet, den hadde med helikopter og en belteviesel. Det kom rykter om at de hadde kjørt wieselen i ei råk og mistet den. Det var også en stor russisk lastebåt på fangstfeltet, men det ble sagt at det var spionasje de drev med og ikke fangst, de lå for det meste ute i kanten.

Værforholdene dette året var ikke så gunstige for helikopterflygning, og «Polarhav» hadde visst bare helikopteret oppe noen ganger i kvitungfangsten. En av de kanadiske skutene hadde også et uhell med helikopteret.

Vi fikk ombord totalt ca. 7000 kvitunger på vel to uker, og var da drevet med isen langt sørover og øst for Gråøyene. Da var vi slitne alle mann, klærne stive av spekk og blod, og vi så ut som blodhunder alle sammen, men det var et hardt og friskt liv for oss ungdommer.

Rikken satsa på lav gjennomsnittsalder på mannskapet sitt. Etter dette ble flere norske skuter liggende samla ute mot kanten, og vi



Frå "Polaris" I 1964. Vi har dessverre ikke namna på alle karane, kanskje kan lesarane av Isflaket hjelpe oss? Bakre rekke frå venstre; ukjend, Kåre Storås, Eidsdalen(?) Olaf Lundmo, Balsfjord, Odd Engen, Balsfjord, Andreas Jetmund Hansen, Balsfjord, Kasper Eikrem, Sula(?) Ole Frøland, Sæbø, ukjend. Fremst Odd Nakken, Ålesund, messen Jan Bernt Øverlid, Balsfjord og kokk Magnus Olsen, Balsfjord.

utveksla besøk med mannskapene ombord på de andre skutene.

Det ble mye prat om all fangsten var kommet ombord, eller om noe var nedskrudd eller gått tapt ved Gråøyene og grunnene der, eller at det var blitt såkalt gammalfangst på annen kjøl. På Sunnmør-skutene var det uskrevne regler dersom det ble funnet merket gammalfangst som var blitt igjen på grunn av skruing, dårlige værforhold eller havari. En måtte da rope opp på senderen og prøve å få kontakt med den skuta som fangsten tilhørte. Spørsmålet var da om å ta fangsten ombord og levere den over senere, eller om det ble betraktet som tapt fangst og ble godtatt som fangst på egen skute.

Etter kveldens prat på senderen, fortalte førsteskytter Olsen at «Polarhav» hadde hatt sikt og vært oppe med helikopter.

De hadde observert klappmus som hadde begynt å kaste. «De lå frampå her», sa han, og han var jo den som hadde bestikket og peilinga og satte ut posisjoner i kartet.

Det var et eksempel på at vi også skulle få litt nytte av helikopteret. Det var 3 skuter sammen med oss da vi tørnet inn på kvelden. Da det lysnet på morgingen var de andre skutene gått mot «Polarhav» om natta.

Vi gikk nordover og kom i klappmus-is ut mot kanten og tung dønning og fant da et spredt kast med klappmus. Knut Harald var jumper, og fra tynna svingte de nesten alltid sånn at jollinga ble på styrbord.

Vi seig på en familie med hettakall, klappmus og blueback på et lite, men høyt flak. Hettakallen ble først skutt på, men han gikk i sjøen. Det var to skyttere på bakken, så ble klappmusa skutt og Knut Harald jumpa.

Vi kasta ut en hakapik som han slo bluebacken med. Da hivet var ferdig knebla og Knut Harald



Ståande på topp Edvart Hole, fra v. Kåre Frøland Bjørn Bjørdal, Roald Oterlei, og Kåre Viddal. Foto fra Bjarne Harald Brobakk.

skulle ombord, kom hettakallen opp som en torpedo, den var såret.

Det ble ropt til Knut Harald «Hopp!» for den kom bakfra. Dønningene dro storflakene fra hverandre da han hoppa, og han sklei på de glatte og avvaska småflakene og havnet i sørpevannet mellom flakene. Hettakallen var på tur ut i sjøen etter han.

På bakken var skytteren klar med sin krag og fikk inn en perfekt fulltreffer i nakken på hettakallen, så den ble liggende med hodet hengende over iskanten og blodet spruta ut i sjøen, og der lå Knut Harald og bada i blanding av kaldt sjøvann fra Labrador og varmt dampende hettakallblod til vi fikk dratt han opp og fått han ombord.

Skytsengelen til Knut Harald, 3. skytter Bjarne Hustadnes, viste sin presisjon med kragen. Ellers kunne hettakallen ha dratt han ned og det kunne ha blitt både første og siste tur for Knut Harald.

Det var ingen andre skuter i nærheten, og vi fangstet på klappmuskastet hele siste uka i mars til stordyrene begynte å gå i sjøen, og etter hvert gikk også bluebacken i sjøen.

Vi rundet vel 1000 dyr med stort og smått. Det var et kast vi fant selv, og ikke med helikopterhjelp fra «Polarhav». Det var bare dette året det var tillatt med helikopterflyging fra skuter. Og det var heller ikke gunstig for helikopterflyging, så mye vind og dårlig sikt som det var hele sesongen.

Etter at klappmuskastet var ferdig fangstet, kom vi utenfor Gråøyene. Her kom vi til en odde med dårlig og avvaska is med blanding av brunsel og gammalhund, som var kommet fra havet og begynte å legge seg opp på denne odden. Det var is som ikke var egnet for fangst. «Rikken» gikk kryssende gjennom odden og ga ordre på callingen til broen: «Dra i fløyta» og dyrene gikk i sjøen. Han la så stille og kom ned fra tynna med følgende kommentar: «Han må nok ta bedre is».

Dagen etter kom «Melshorn» og det ble avtalt samfangst. Dette var første uka i april og «Melshorn» var tung på vannet.

Det ble godt resultat og «Melshorn» ble ferdigfangsta. Vi bytta brunsel mot gammalhund, og til slutt fikk vi over til oss det de ikke fikk plass til. Så fikk vi bunkers og ferskvann fra dem, enda var skuta veldig tung, sjø helt opp til dekk.

«Melshorn» forlot isen samme natt, som vanlig som første skute hjem. Stuerten på «Melshorn», Rolf Hovlid, fortalte meg senere en gang at sør av Kapp Farvel kom de i en tung sjø fra et uvær som hadde lagt seg, de la da stille og skuta lå bare og duvet i den tunge sjøen.

«Theron» hadde vært inne i Halifax og kom ut på feltet igjen midt i april for gammalhundfangst.

Vi borda «Theron» med det resultat at det ble et vanlig sjøslag der ombord, sesongens siste.

Det var mye nytt å høre, bl.a. om utgravninger av vikingtuftene etter Leif Erikson ved L'anse aux Medauw (Vigen ved Engerne) nord på New-Foundland. «Kalle», Karl Karlsen, skulle



Helikopter fra "Polarhav", Newfoundland 1964. Foto fra Knut Harald Hansen.

være med i år også. Han var en viktig medhjelper i hele Ingstads arbeid, helt fra starten. Veien nordover øya til samme sted skulle også ferdigstilles denne sommeren.

Vi fikk ikke noe storslag på gammalsel.
Vi fikk for det meste noen hundre pr dag, så det fyltes opp i bakrommet. Vi leita og kjørte hver dag det var god sikt. Det var mye tåke og Rikken la alltid still i tåke og dårlig sikt.
Vi lå en hel dag og så på store sel-vører som kom fra havet, og morgenens etter begynte vi å sige med halv fart i samme vestlig retning som selen.

Dagen etter før lunsjtid satte vi skyttere på isen og fikk godt over 1200 dyr. Det kom store mengder sel fra havet som begynte å legge seg opp, trolig hovedtyngda av gammalselbestanden på New-Foundlansfeltet, og det så riktig bra ut for å laste skuta.

Det var noen dager igjen av fangstsesongen. Akterrommet var nesten fullt.

Vi gjorde klart for storslag og fikk overbord ballast som var shingel i forrommet. Morgenens etter satte vi skytterne på isen i en tett gammalhundreibom, men praten på senderen kvelden før hadde avslørt oss, og vi fikk besøk. «Harmoni» kom og satte ut 5 skyttere og vi

trodde vi skulle fange parallelt med dem, men de skar oss av, og vi fikk knapt 800 dyr. Det var nest siste dagen før fangststopp.

Det kom så mange skuter til, og isen tetna, så vi fangstet ikke siste dagen, men gjorde sjøklart for overseiling.

Det var leit å måtte forlate en sånn ansamling av sel på isen med ledig lastekapasitet ombord. Fangstsesongen var innkortet fra 5. til 1. mai, men Johan førsteskytter sa at den første uka i mai alltid hadde vært god gammelhundfangst.

I gammalhundfangsten hadde «Rikken» teft og vi fant alltid dyr som kom fra fiskebankene i havet og hadde lagt seg opp. Men han prata med brødrene sine på «Theta» og «Theron» på senderen om kveldene, og da kom det andre skuter til, og det ble konkurranse.

Rikken gikk aldri nordover Labradorkysten, men holdt seg utenfor Belle Isle og sørøver.

Vi fikk så mye gammelsel at vi kom opp i nesten 14000 dyr.

«Rikken» forlangte langkikkerten ned fra tynna og den jobben var alltid betrodd 3. skytter Bjarne Hustadnes. «Rikken» og Johan var nok de to med best kompetanse og teft fra New Foundlands-feltet, de var der helt fra fangsten tok til der i 1938-39.

De gode fangstresultatene hadde nok sammenheng med denne kompetansen. «Polarbjørn» hadde dårligst maskin av alle de norske skutene og vansker med å svinge og satte seg fast. Skuta hadde nok også størst forbruk av dynamitt, men best langkikkert og den ble brukt.

Turen var slutt og vi kurset østover. Siggen var fri for lesestoff. Han hadde lest siste boka til biskop Norderval med kommentaren: «Alt retter seg i sjøen».

Chiefen Sulebst skalte hjem til Tulla og sønnen Jarle og kjøre bil, en Neckar Europa.



Sigmund "Siggen" Brandal i maskinromet på "Polarbjørn".

Vi fikk ei rolig overseiling. Vi anløp Ålesund og skipperfru Ellen kom ombord med pengekofferten og Marø leverte ut forskudd til gutta. Hun hadde også med sønnen som var blitt tenåring.

Denne sønnen, Bent, ble han som holdt den gamle skipperslekta i hevd. Bent fikk sine første turer til New-Foundland, Øst-Grønland, Jan Mayen og Svalbard med «Polarbjørn» og med sin far Henrik som skipper, og da også i sin farfar Kristoffers farvann.


Skipshandelen sendte en mann ombord med bestilte varer fra vinmonopolet i Kristiansund. Under lossinga var mannskapet så tørste at de ble fri for drikkevarer, de slo seg sammen med mannskapet på «Polaris» og chartret flyet til Sunnmørsposten.

De fløy til Kristiansund og kjøpte sprit til begge mannskapene. Det sto i «Sunnmørsposten» dagen etter om fangstfolkene som hadde gjort en så god tur og var så tørste under lossinga. Sunnmørspostens hurtigbåt «Svinten» var også en redning vi kunne få leie for å komme oss fra

Ålesund til Hareidslandet etter at fergene hadde sluttet å gå om kvelden.

Vi leverte fangsten og vaska skuta. De av oss som skulle reise langt, gikk på kontoret til kontorsjef Kongshaug og fikk et bra forskudd. Det var velstand i selfangstrederiene på de tider. 1960-åra var kanskje det ti-året som det var topp i selfangstnæringa.

De av mannskapet som hørte til på Hareidslandet gikk i land på Brandal. De som måtte reise fra Ålesund fulgte skuta dit. Ved ankomst Ålesund gikk Edvard Hole opp til herrekonfeksjonsforretning Thunem og forhandlet rabatt på klær til mannskapet. Vi fikk god rabatt og fikk dermed avrundet totalsummen ganske bra. Vi var nyoppdressed og beriket med en god lott etter en god tur.



Edvard Hole, foto frå Knut Harald Hansen

Historier om Rikken og mannskapet.

I god tid før fangststart og før flylokalisering av selkastene, lå som regel de norske skutene

samlet utenfor iskanten og seig nordover for å lokalisere kastene. «Rikken» svingte en tur innenfor kanten og brukte langkikkerten, men fortsatte nordover sammen med de andre skutene. Så arrangerte han «feil i maskinen», lekkasje på et kjølevannsrør. De andre skulle bare fortsette, han skulle komme etter.

Men han snudde og gikk tilbake og inn i kastet som han hadde observert. Etter 4-5 dager på mistanke kom de andre skutene tilbake, men da hadde han alt fått 4-5000 dyr på kjølen. En annen måte han avledet oppmerksomheten på når kastet var observert, var å slukke lanternene om natta, og gå tilbake i mørket til kastet.


Og så en historie om chiefen Sulebust, som aldri var rádløs, denne hendelsen fra Svalbard. De skulle bunkre «Sandsvalen» til Per Johnson, og ved en feilkobling gikk bunkersen i kjølsumpen. Det ble ropt «Stopp i bunkringa!» Svaret fra chiefen var: «Oss he separator».

Det jeg spesielt minnes fra «Polarbjørn» var at det ble lagt stor vekt på sjøsikkerheten. Alle uvanlige hendelser skjedde beständig på styrbord side og merkelig nok på 12-4 vakta.

Jeg så «Polarbjørn» på New-Foundlands-feltet mange ganger senere, og siste gang i 1981. Den stolte hvitfargen var nå blitt rustrød, nesten som rødfargen på de gamle sommerfjøsene i Balsfjord. Den rauk som kolloksen, og ikke som da Leonard og Siggen var ombord og stelte i maskinen. Jeg mintes det gode miljøet og samholdet blant det faste gamle mannskapet ombord.

Prisnivået på skinn og spekk var nok i 1964 det høyeste som noen gang kan måles mot konsumprisindeksen i landet. Lotten ble nesten 18000 kr.

Den tiden det var fri fangst på New-Foundlands feltet kan en si det var en styrkeprøve for mannskapet som kan sammenlignes med det



Ishavsskipper Henrik Marø.

som langrennsløperne sier idag. «Du er ikke komplett løper før du har gått 5-mila og helst ha vunnet den», sånn også med fangstfolket på New-Foundland.

Jeg besøkte New-Foundland i 2016, og tok da turen nordover til L'anse aux Madauw, hvor Helge Ingstad fant tuftene etter vikingene som var der 1000 år tidligere.

Jeg fikk kjøre den fine veien som ble ferdigstilt i 1964 og som nå var asfaltert og i flere filer helt til nordspissen av øya.

Jeg besøkte vikingmuseet. I en av bygningene var det utstilt et vikingskip i tro kopi av de som er på Bygdøy.

Guidene var kledd i vikingklær av skinn og ull og demonstrerte arbeidsoppgaver fra vikingtida, spinning og vaving, garving av skinn og smedarbeid. De syntes det var artig med besøk fra Norge.

Ved statuen av Leif Erikson var det to store minneplater. En med historikk om Leif Erikson, og en med navn på deltakere og sponsorer i Ingstads arbeid.

Her sto også Karl Karlsen, skipsreder, Halifax.

-Det var spesielt å sjå «Maud» komme opp av vatnet. Nesten absurd

Av Andreas Bjerknes, Vikebladet/Vestposten

100 år etter at Roald Amundsen la ut på sin «Maud»-ekspedisjon kom skipet endeleg heim til Vollen i Asker.

Fredag var det nærmast stappfullt på Ishavsmuseet Aarvak i Brandal, då Jan Wanggaard kom til Brandal for å fortelje om den spektakulære redningsaksjonen som i 2018 endeleg fekk «Maud» heim til Norge.

Historia starta over 100 år tidlegare, då «Maud» vart bygd i Vollen i Asker. Dette er skuta som Roald Amundsen ville forsøke å drive inn til Nordpolen med gjennom isen.

Så langt kom aldri «Maud», men polarskuta har ei heilt unik historie.

Wanggaard fortalte litt om sin eigen bakgrunn, mellom anna som brettseglar, og om kva som gjorde at det var han som til slutt fekk oppdraget frå Tandberg Eigedom med å hente skuta tilbake til Norge.

Han tok også føre seg skuta sine første år og reisa til Roald Amundsen, som enda med at han måtte forlate «Maud» og at skipet til slutt vart sold til Hudson Bay Company av Amundsen sine kreditorar.

Dei ville bruke «Maud» til handel, men dette var skipet lite eigna til og «Maud» vart liggande i Cambridge Bay.

På plass 85 år seinare

I 1930 søkk «Maud». Lokalbefolkninga strippa det dei fekk tak ifrå skipet, men berre det som låg over vassflata.

-Så går det 85 år og eg står i fjøra og ser på båten, fortel Wanggaard. Han brukte to somrar i Cambridge Bay for å studere situasjonen.

-Toler den å bli henta opp? Får vi lov å hente båten heim?

«Maud» hadde blitt liggende så lenge i Cambridge Bay at den var som fortidsminne å rekne i Canada. Difor måtte ein söke om å få ta den derfrå, men myndighetene gav tommel opp. Prosjekt «Maud returns home» kunne realiserast.

At ein fekk tommel opp frå myndighetene var likevel ikkje slutten på utfordringane. For korleis får ein opp ei skute som har vore under vatn og is i 85 år?

-Nesten absurd

Wanggaard fortel at det vart kjøpt inn ein lekter, eller eit flytande hjelpemiddel, samt ein slepebåt. Mannskapet som var med på prosjektet var ikkje større enn det som var nødvendig.

Ekspedisjonen sigla frå Norge i 2014. Først tre år seinare var det klart for avreise frå Cambridge Bay.

Då hadde ein tatt tida til hjelp for å sørge for at ein fekk heva «Maud» på best mogleg vis.

-Det var spesielt å sjå «Maud» komme opp av vatnet. Nesten absurd, men veldig herleg, fortel Wanggaard.

Etter at skipet var heva måtte ein overvintrie ein siste gong i Canada. Deretter gjekk turen frå Cambridge Bay mot Grønland, der ein igjen måtte vente til ein ny vinter var forbi.

18. august kunne «Maud» endeleg returnere til Vollen i Asker. 100 år og litt til etter at Roald Amundsen og mannskapet la i veg, kom skuta tilbake dit båtbyggjar Jensen bygde «Maud».

No jobbar ein med å gjere «Maud» tilgjengeleg for alle. Målet er eit museum, men Wanggaard fortel at ein også her brukar den tida som trengst. Om «Maud» si endelige plassering blir i Vollen eller ein annan stad er framleis ikkje heilt sikkert, men Wanggaard slår fast at det viktigaste ikkje er plasseringa, men innhaldet.

Nærleik. Lokalkunnskap. Personleg kontakt.

**Derfor er vi tilstades på
Hareid og vil ha deg som
kunde.**



Melinda Skeide
Banksjef
416 65 873
melinda.skeide@sbm.no



Turid F. Leknesund
Autorisert finansiell rådgivar
915 87 894
turid.leknesund@sbm.no



Solgunn Røyset Almedal
Autorisert finansiell rådgivar
901 49 018
solgunnroyset.almedal@sbm.no



Sølvi Anita Rekkedal
Autorisert finansiell rådgivar
415 64 735
solvi.rekkedal@sbm.no



HAVSEL´s siste tur til Vestisen 2017

Tekst og foto: Bjørne Kvernmo.

Og da trekker de ut til iskanten og begynner å finne mat på egen hand, polartorsk blant annet. En liten blekksprut som visstnok kalles Gonatus, krill og pelagiske amfipoder. Samtidig som den hvite pelsen faller av og den korthårete



VESTISEN 2017

10. april er satt som startdato for fangst av årsunger av grønlandsssel. Da er de fleste ungene forlatt av mødrene. Men i naturen er det som oftest ingen regler laget av mennesker uten unntak. Selv lenge etter 10. april finner man voksne grønlandsselhunner som ikke har forlatt ungene.

Årsakene kan være mange, men har ofte bakgrunn i at de har født ungene på et senere tidspunkt enn flesteparten av hunnene. Den unike evnen til å forskyve tidspunktet for kasting innenfor ca en uke er nyttig for å kunne finne brukbar is for fødselen.

Og hva kreves av isen for at hunnene skal legge seg opp til kasting er det vel ikke mange mennesker som har kunnskaper om. Om noen i det hele tatt.

I store flokker trekker de mot iskanten i siste halvdel av mars for å legge seg opp på is som de finner brukbar. I minst to uker skal den nyfødte ungen ligge trygt på isen og vokse og utvikle seg til å bli et selvstendig individ som instinktivt gjør de rette handlingene når moren har forlatt dem.

og glattere pelsen vokser frem, lys grå under buken og på sidene, mørkere grå langs ryggen. Med mørkere flekker over hele kroppen, godt synlig på de lyse sidene, noen store som en liten handflate, andre som mindre flekker eller spetter.



Grønlandssel.

Den ferdig utvokste pelsen på en svartunge beholdes de første årene, etter hvert med en brunere tone, inntil en stor og nærmest svart flekk på hver side av kroppen vokser frem, det samme gjelder fremste del av hodet. Og mens de utvikler seg som svartunge i april og lærer seg å overleve på egen hand, driver de med isen sydvestover mot Danmarkstredet mellom Island og Grønland. Og i begynnelsen av mai starter de flokkevis nordover langs iskanten og forsvinner til havs.

Fra 10. april til ca første uka i mai foregår fangsten av årsunger. Nesten halve tiden går bort til leiting, venting og bakking på uvær, tåke og ikke brukbare is forhold med dønning.

2017 sesongen var preget av vind og kuling i starten og tåke i siste del av sesongen. Med et par stormer imellom. F.eks i de første dagene av mai var det meldt 20 plussgrader enkelte steder på Island, varmluft nede fra Atlanteren og Europeiske fastland strømmet oppover.

I iskanten resulterer varmluft i tåke, det er ett hundre prosent sikkert. Det beste er høytrykk over området, som i 2014, da høytrykkene avløste hverandre i slutten av april og begynnelsen av mai. Da ble det fangst hver dag, totalt over fire tusen svartunger tilslutt.

I 2017 dannet det seg høytrykk over Vestisen, for seint, like etter at svartungene var dratt til havs. I dette området er det mange momenter som bidrar til at det ikke blir fangst, adskillig færre momenter som bidrar til at det blir fangst, det eneste måtte være høytrykk over området ca i slutten av april.

Havsel har vært på fangst hver sesong fra og med 2004 til og med 2017. Ikke hver sesong har isen med selkastet drevet så langt syd som til området mellom Island og Grønland. Men dette skjedde i sesongene 2006, 2007, 2008, 2009, 2014, 2015 og 2017.

I 2016 fant vi nesten ikke selunger hverken i nord eller syd, det virket som kastingen var mislykket på den måten at veldig mange årsunger ikke overlevde de to første ukene etter at de var født.

Samtidig er kastingen i Vestisen spredt over hundre nautiske mil eller mere. Med de eldste

ungene lengst syd og de yngste lengst nord. Og under gitte forutsetninger som at iskanten ligger tettere til Grønlandskysten med stor drift i isen, hyppige nordøst klinger og stormer som ytterligere bidrar til sterkere sydvestlig drift og kanskje en betydelig del av de kastende hunnene legger seg opp på isen tidlig, alt dette bidrar til at en betydelig del av svartungene blir å finne i det vanskelige området i Danmarkstredet.

Ingen båter har vært så mange sesonger på fangst i dette området som Havsel. I 2006, da vi ble «blåst» nedover til Island og fangstet ut derifra, hadde vi ca 1800 svartunger på ei uke, med Havsel-rekord på 374 ekte svartunger på en dag, 28. april.


Dette samme uka som tre andre båter avsluttet sesongen, gikk hjem til Tromsø, lå og losset fangsten og vasket båten. På de tradisjonelle områdene i Vestisen var det tomt, mens isen med ungene var drevet ned til Danskestredet. Vi var som sagt blitt blåst nedover og opplevde etter hvert virkelig gode fangstdager med mellom over 300 ekte svartunger hver dag i slutten av april. I Tromsø, ved Riebers anlegg, losset vi nærmere 4000 dyr, derav 3000 rene svartunger i 23. mai.

